



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 09.01.2018
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 02.01.18

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/18	Protokoll frå førre møte
PS 3/18	Delegerte saker
PS 4/18	Søknad om oppstart. Mindre endring av reguleringsplan Kvalsund.
PS 5/18	Klagehandsaming: Reguleringsendring for del av Eggesbøjorda, klage på vedtak om godkjent plan.
PS 6/18	Rovdefjordbrua: Anmodning om teikning av aksjar i selskap
PS 7/18	Søknad om økonomisk bidrag til kronerulling for "Aksjon godstol" ved volda sjukehus
PS 8/18	Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021. Oppfylgjing av vedtak.
PS 9/18	Serviceplakat
PS 10/18	Martin Leinebø - revidert søknad om kai, Leine hamn ytre

Delegerte saker frå avdelingane

DS 1/18

Skifte av styrar for skjenkebevilling - Prego
Restaurante AS

DS 2/18

Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016

PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/18 Protokoll frå førre møte

PS 3/18 Delegerte saker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2012/331
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/18	Formannskapet	09.01.2018

**SØKNAD OM OPPSTART. MINDRE ENDRING AV REGULERINGSPLAN
KVALSUND.**

Tilråding:

Herøy formannskap gir løyve til oppstart av mindre reguleringsendring i reguleringsplan for Kvalsund etter plan- og bygningslova § 12-14.

Særutskrift:

B. Tarberg AS

Vedlegg:

- 1 Søknad om mindre endring av reguleringsplan Kvalsund
- 2 201713 Søknad om mindre endring av reguleringsplan Kvalsund
- 3 201713_Plankart_mindre endring Kvalsund_02062017

Samandrag av saka:

B. Tarberg AS har på vegne av tiltakshavar Karsten Sund søkt om mindre reguleringsendring på Kvalsund. Endringane gjeld i hovudsak utviding av byggeområde for naust og fritidsbustader mot aust (ut i sjø), utviding av småbåthamn og bygging av molo rundt heile badeområdet.

Eit allment badeområde må vere tenleg for føremålet og oppfylle krav i lovverk. Vi stiller spørsmål om korleis dette er tenkt, og ber om at desse tilhøva vert klargjort og at tiltakshavar ber om råd frå aktuelle faginstansar i høyringa til planen.

Dersom det viser seg å bli for ressurskrevjande å bygge og drifte badeområdet som planlagt, foreslår vi at ein vurderer å få prøvd ei reguleringsendring: Makebyte mellom F2 og N1 ved at ein fyller ut og bygger naust på F2 og nyttar sandstranda på N1 til bade- og rekreasjonsområde for ålmenta. Eksisterande sandstrand vil kunne fungere som badeområde utan særleg ressurskrevjande tilrettelegging.

Det er viktig at det ikkje vert gjort arbeid med utfylling eller andre tiltak som kan øydelegge muligheita for å nytte sandstranda til badeområde, før desse tilhøva er avklara. Alle tiltak i området er søknadspliktig.



Figur 1 Oversiktskart over lokalitet for reguleringsendring på Kvalsund.

Saksopplysninger:

Desse endringane er skisserte:



Figur 3 Forslag til reguleringsendring

- 1) Planområde i nord, gult FT/N1 er utvida frå 2,7 til 3,3 daa. Utnyttingsgraden er den same, 60 %. Veg 3 er forlenga gjennom gult område og ut på enden av moloen.
- 2) Småbåthamna er utvida frå 2,6 til 3,6 daa. Moloen er flytta på det meste 25 meter ut i sjø. Tilsvarande er reguleringsplangrensa forlenga mellom 15 og 25 meter austover, ut i sjø. Ytre plangrense er utvida tilsvarande.
- 3) Område Bevaring av kulturmiljø, H570_1, er ute av nytt planforslag, men dette er ei utegløyming, så den skal vidareførast slik den ligg føre i dagens plan.
- 4) Friområde F2 og badeområde er redusert frå 7,4 (5,5 + 1,9) til 6,1 daa. Reduksjonen i areal kjem fram slik: Den beine linja nord på grønt område F2 er trekt tilbake og danner ein vinkel slik at bevaringsområde kulturmiljø i sjø vert noko utvida. Molo på utsida av badeområdet er trekt tilbake frå sjø om lag 15 meter vestover mot land. I grense mot sør er gult område FT/N2 utvida nordover.
- 5) Gult område FT/N2 er utvida frå 4,2 til 5,0 daa. Utnyttingsgraden er den same, 50 %. Området er utvida nordover mellom 0 og 13 meter og austover ut i sjø med mellom 13 og 21 meter.
- 6) Naustområde N1 rett nord for moloen er utvida frå 4,0 til 4,8 daa ved at byggjeområdet er trekt inntil 21 meter austover ut i sjø.

Utvidinga av dei to sistnemnde byggjeområda erstattar det som tidlegare var regulert til hamneområde i sjø (1,3 daa).



Figur 4 Flyfoto av planområdet.

Flyfoto av området viser korleis utfyllinga hittil er utført (flyfoto 2016). Heilt i sør ser vi moloen til fiskerihamna. Rett nord for denne ligg ei 24 meter brei sandstrand (til samanlikning er badestranda i Vikane i Bø 22 meter brei).

Vurdering

Argumenta for dei foreslåtte endringane kjem fram av søknaden, men ein saknar omtale og grunngjeving for endring for badeområde, som ikkje er beskrive anna enn at endringa framgår av plankartet.

Det finst ein del krav til opparbeidde badeplassar. Tiltakshavar må gjere greie for korleis badeområdet er tenkt å tilfredstille krav til vasskvalitet for badevatn, tilkomst og tilrettelegging av badeområde forøvrig. Det er opplyst muntleg at badeområdet er tenkt drifta av det lokale grendelaget, ikkje av det offentlege slik det kan oppfattast ut frå påskrifta på plankartet. Rett reguleringsføremål vert då badeområde utan "o" for offentleg. Det må presiserast i føresegnene at badeområdet vert ope for ålmenta, og at det er eit ikkje-kommersielt badeområde med privat opparbeiding og drift.

Reguleringsforslaget må sendast til aktuelle faginstansar for uttale om krav som gjeld opparbeidd allment tilgjengeleg badeområde (folkehelseinstituttet, kommuneoverlege).

Om det viser seg å bli særers ressurskrevjande å etablere og drifte badeområdet på foreslått vis, bør ein vurdere å heller nytte den naturlege sandstranda som ligg på den sørlegaste delen av området til badeområde og heller skyve byggeområda tilsvarande nordover (makebyte). Ein gjer merksam på at utfylling av masser er søknadspliktig tiltak.

Konklusjon

Følgjande endringar og tillegg må gjerast før planen vert sendt på høyring og følgje med høyringsdokumenta:

- 1) Område Bevaring av kulturmiljø i sjø, H570_1, må teiknast inn på plankartet.
- 2) Alle endringar må vere omtalt i oppstillinga over reguleringsendringane, også endringa for badeområdet.
- 3) Det må omtalast i oversendingspapira til høyringa korleis ein tenkjer å gjere badeområdet tenleg for formålet når ein byggjer det att, t.d. vasskvalitet, tilkomst og drift.
- 4) "o" for offentleg føremål på badeområde går ut.

Folkehelseinstituttet, kommuneoverlege og eventuelt andre aktuelle instansar må setjast på lista over høyringsinstansar for uttale angående opparbeiding og drift av denne type badeområde. Det må klargjerast kva lovverk og forskrifter som vil gjelde for opparbeiding og drift av badeanlegget.

Grunna utviding av byggjeareal ut i sjø må også kystverket og fiskerimynde høyrast.

Fosnavåg, 20.12.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 08.06.2017 07:24:43

Til: Brit Berge

Tittel: VS: 201713 - Søknad om mindre endring av reguleringsplan Kvalsund

Fra: Aleksander [<mailto:aleksander@btarberg.no>]

Sendt: 6. juni 2017 13:51

Til: postmottak

Kopi: Jarl Martin Møller; karstein.sund@gmail.com; bjarne@btarberg.no

Emne: 201713 - Søknad om mindre endring av reguleringsplan Kvalsund

Herøy kommune

Samfunnsutvikling

v/ Kommunalsjef Jarl Martin Møller

Vedlagt følger søknad om mindre endring av reguleringsplan for Kvalsund for Karstein Sund.

Planendringa er avgrensa til endring i plankart og omfattar i all hovudsak justering av formålsgrenser og byggegrenser for området i samsvar med dagens situasjon og med moglegheiter for framtidig utvikling. Endringa medfører ingen nye formål og inneberer heller ingen endring i gjeldande reguleringsføresegner. Vi anser dette som ei kurrant sak som heller ikkje vil ha nemneverdige konsekvensar for andre interesser i området utanom forslagstillar.

Forslag til endring er utforma i tett dialog med forslagstillar Karstein Sund.

På vegne av forslagstillar ber vi om at forslaget blir fremja for formannskapet for behandling.

Med vennlig hilsen

Aleksander Zahl Tarberg

B.TARBERG AS

Tarbergsvegen 3

6076 Moltustranda

Mob: 46674461

Moltustranda 02.06.2017

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg
postmottak@heroy.kommune.no

Vår referanse: 201713

SØKNAD OM MINDRE ENDRING AV REGULERINGSPLAN –

«Reguleringsplan for Kvalsund - mindre endring av plankart knytt til naustområde, fritidsområde, sjøareal, molo og badeområde – plan- og bygningsloven (PBL) § 12-4»



MINDRE ENDRING AV DETALJREGULERINGSPLAN PBL § 12-4

Planarbeid og planprosess

I samsvar med § 12-14 i plan- og bygningslova (PBL) vert det med dette søkt om en mindre endring av reguleringsplan for Kvalsund 201676.

Denne søknaden er retta til kommunen, men vil også kunne vere grunnlag for varsling til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

Planområdet og avgrensing

Endringa vil omfatte ei justering av plankartet i høve dagens utbygde areal og ønske om ei betre utnytting av arealet innanfor planområdet.



Bilde: Dagens situasjon for området - Ortofoto Herøy kommune

B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA

TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com

www.btarberg.no

Bakgrunn og lovgrunnlag

Større planendringer enn i dag skal kunne gjennomføres uten full planbehandling. Dette innebærer bl.a. at større justeringer i en reguleringsplan skal kunne vedtas av et politisk utvalg i kommunen etter delegert myndighet fra kommunestyret. Det kan f.eks. være å omregulere et areal til ny bruk eller øke etasjeantallet for å bedre utnyttningen av en tomt.

Kommunen skal også i større grad kunne bruke planfaglig skjønn ved vurderingen av hvor mye saksbehandling (varsling mv.) som er nødvendig for å gjennomføre endringer. Dette vil redusere omfanget av ressurskrevende dispensasjonsbehandling til fordel for en mer forutsigbar langsiktig arealavklaring gjennom bruk av arealplaner.

Kilde: regjeringen.no

Formål med endringa

På oppdrag frå grunneigar Karstein Sund, ynskjer ein gjennom ei mindre reguleringsendring å gjere ei mindre endring i reguleringsplanen slik at planen stemmer meir korrekt i høve det som er utbygd i området.

Området har vore utbygd sidan godkjend reguleringsplan 28.11.2013. Sidan planen var godkjend har det vore ført opp både bygningar og det har skjedd ei utfylling innanfor planområdet for å etablere naudsynt areal i sjø for oppføring av bygningar, badeplass molo og friområde. Planområdet er av viss størrelse og har både byggeformål for både naust og fritidsformål, samt eit større friområde med ein badeplass forma som ei lagune.


Forslagsstillar og plankonsulent har vore i kontakt med avdeling for Samfunnsutvikling i Herøy kommune v/ Jarl Martin Møller, der ein er blitt bede om å søkje om ei mindre endring av gjeldande reguleringsplan etter PBL § 12-14. Frå kommunen har det vore signalisert positive tilbakemeldingar i høve dei mindre endringane som denne søknaden legg opp til.

Vi vurderer det slik at formålet med reguleringsendringa er i samsvar med intensjonane i gjeldande reguleringsplan og ser endringane som mindre justeringar som ikkje vil ha særskilt innverknad på andre interesser i området. Ein legg opp til ei positiv utnytting i samsvar med bruken og intensjonen med utnytting av området på Kvalsund.


Det blir ikkje lagt opp til nye arealformål, men det blir lagt opp til ei justering av formålsgrensene mellom dei ulike områda, samt ei justering av byggegrenser og juridiske linjer i planen.

Planendringa vil ikkje endra reguleringsføresegnene som er godkjent i gjeldande plan.

Kartutsnitt med forslag til ny utforming av området



Kartutsnitt med dagens reguleringsplan



B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA


TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com

www.btarberg.no

Konsekvensar av mindre reguleringsendring (ME)

Ved å gjennomføre desse endringane i reguleringsplanen vil ein sikre at utbyggjar kan få ein oppdatert arealplan som er i samsvar med noverande situasjon og som er brukande i høve framtidig utbygging på Kvalsund.



Kartutsnitt samla plansituasjon

Denne reguleringsendringa vil gi utbyggjar eit meir forutsigbart krav om korleis framtidig utnytting av området skal vere. Plankart vert i samsvar med dagens situasjon, samstundes som den også gir rom for framtidig utvikling av naust og fritidsområde på Kvalsund.

Reguleringsplanen har ein viktig offentleg dimensjon ved at den tilretteleggjar eit større friområde ved sjøen, der det blir lagt til rette for friområde både areal på land og badeplass som kan nyttast av ålmenta

Medverknad, vidare planprosess og innspel til planarbeidet

Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og dei som blir direkte råka av planarbeidet vil bli varsla om endring av reguleringsplanen i eige skriv. Dette vil inneberer at dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet får høve til å kome med skriftleg innspel innan ein fastsett tidsfrist.

Dersom det ikkje kjem vesentlege innvendingar mot endringa frå berørte parter, så har vi forstått det slik at saka kan behandlast i formannskapet som ei mindre reguleringsendring etter PBL § 12-14.

B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA


TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com

www.btarberg.no

Planprosessen skal følge reglane i plan- og bygningslova for mindre endring av reguleringsplan § 12-14. Planarbeidet vil skje i regi av Aleksander Zahl Tarberg i B. Tarberg AS. Endring av reguleringsplan vil vere avgrensa til ei endring i plankartet.

Med vennleg helsing




Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar

B. Tarberg AS
Tarbergvegen 3
6076 Moltustranda
E-post aleksander@btarberg.no
Tlf: 46674461

Vedlegg:

1. Plankart med ny utforming av område N3
4. SOSI-fil med ny utforming av område N3
5. Sjekkliste risiko og sårbarheit
6. Sjekkliste naturmangfald



Reguleringsendring Kvalsund

Flatesymbol

Bestemmelseområde

Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

Uthus/naust/badehus

Angitt bebyggelse og anleggsformål kombinert med andre angitte

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (arealer)

Grønnstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

Frømråde

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (PBL

Småbåthavn

Friluftsområde i sjø og vassdrag

Linjesymbol

Bestemmelsesgrense

Formålsgrense

Byggegrense

Omriss av planlagt bebyggelse

Omriss av eksisterende beb.som inngår i planen

Regulert senterlinje

Regulert kant kjørebane

Plangrense

Reguleringsendring Kvalsund - Karstein Sund		Målestokk 1:1500 A3		
SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAKSNR	DATO	SIGN	
Kunngjøring oppstart				
1. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker				
Offentlig ettersyn fra til				
2. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker				
Kommunestyrets vedtak:				
PLANEN UTARBEIDET AV:	SAKSNR	TEGNNR.	SAKSBEH.	
B. TARBERG AS		1	AZT	



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2014/1994
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/18	Formannskapet	09.01.2018
	Kommunestyret	18.01.2018

KLAGEHANDSAMING: REGULERINGSENDRING FOR DEL AV EGGESBØJORDA, KLAGE PÅ VEDTAK OM GODKJENT PLAN.

Tilråding:

Kommunestyret i Herøy kan ikkje sjå at klagen frå *Advokatfirmaet Engelsen* på vegne av Sindre Løseth, eigar av gnr. 38, bnr. 51 og 133 datert 27.09.2017 inneheld nye moment i høve til det som låg føre då reguleringsendring for del av Eggesbøjorda vart vedteken i møte 31.08.2017, K-sak 86/17.

Klagen frå *Advokatfirmaet Engelsen*, på vegne av grunneigar Sindre Løseth vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 86/17. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal Fylkeskommune
Sindre Løseth
Advokatfirmaet Engelsen

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Detaljregulering Eggesbøjorda - Klage.
- 2 Vedlegg til klage.
- 3 Reguleringsendring del av Eggesbøjorda - offentlig ettersyn
- 4 2223-A1-Vurdering_merknader
- 5 2223-A3-Skriv til Sindre Løseth dat 17-3-2015
- 6 Særutskrift K-sak 86/17 - Slutthandsaming Eggesbøjorda - Detaljregulering
- 7 Sol/skuggeanalyse
- 8 2223-Notat vedkomande motsegn frå fylkeskommunen
- 9 Plankart
- 10 Føresegner 21042017

Samandrag av saka:

Kommunestyret i Herøy handsama saka i møtet 31.08.2017, K-sak 86/17 og gjorde slikt vedtak:

“Kommunestyret eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, Detaljreguleringsplan for del av Eggesbøjorda, med plankart og føresegner datert 21.04.2017”.

Kunngjering av vedtaket vart sendt i brev datert 05.09.2017, med klagefrist 29.09.2017. På vegne av grunneigar av gnr. 38, bnr. 51 Sindre Løseth har advokatfirmaet Engelsen påklaga vedtaket jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel IV (Vedlegg 1).

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Herøy vedtok i møtet 31.08.2017, K-sak 86/17, reguleringsendring for del av Eggesbøjorda med tilhøyrande reguleringsføresegner og plankart. Melding om vedtak vart sendt til offentlege høyringsinstansar, grunneigarar og naboar og kunngjort i avis 08.09.2017.


Innan klagefristen vart det sett fram ei klage datert 27.09.2017 frå advokatfirmaet Engelsen på vegne av eigar av gnr. 38, bnr. 51 Sindre Løseth.

Informasjon kring planprosessen

AG Plan og Arkitektur AS søkte på vegne av Ørsta Byggeservice AS, om oppstart av reguleringsarbeid for eit avgrensa område på Eggesbøjorda (gnr. 38, bnr. 131 m. fl). Området er regulert til frittliggande småhusbebyggelse i reguleringsplan for Eggesbøjorda (PlanID 201208).

Saksnr.	Dato	Tema
	18.12.2014	1. gongs varsel om oppstart av planarbeid
	13.05.2015	Oppstartsmøte med tiltakshavar og konsulent
	09.10.2015	2. gongs varsel om oppstart av planarbeid
F-sak 153/16	16.08.2016	Formannskap gjer vedtak om offentlig ettersyn
	02.09.2016	02.09.2016-14.10.2016 Offentleg ettersyn

	30.11.2016	Planforslag returnert til konsulent for endringar etter offentlig ettersyn
	24.04.2017	Planforslag motteke for slutthandsaming
K-sak 86/17	31.08.2017	Kommunestyret godkjenner detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka
	08.09.2017	Godkjent detaljreguleringsplan var kunngjort i avis, på nett og ved brev til grunneigarar, naboar og andre interesserte.
	27.09.2017	Planen vart påklaga av nabo via advokat



Figur 1: Oversiktskart over Eggesbø. Planområdet er lokalisert innanfor raud firkant.



Figur 2: Planområdet innanfor raud linje.

Vurdering:

Følgjande i vedtaket frå K-sak 86/17 er påklaga:

Påstand om sakshandsamingsfeil:


Det vert hevda at dei fire punkta under ikkje er besvart gjennom planprosessen:

1. *“Reguleringsforslaget kommer i konflikt med private rettigheter”.*
2. *“Vegløysing er uheldig”.*
3. *“Fortettet bebyggelse ødelegger områdets karakter og påfører eksisterende bebyggelse store ulemper”.*
4. *“Reguleringsplanen omfatter områder som tilhører andre enn søker”.*

Dei fire punkta er besvart gjennom planprosessen, blant anna gjennom dokumenta som høyrer til F-sak 153/16 og K-sak 86/17.

“Videre er problemet med veiløsningen uheldig og vil bli desto mer problematisk med fortettet bebyggelse og mange barnefamilier”.

Det vert vist til Detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda – område FKO (planid 201304) som vart vedteken 26.03.2015. I denne planen er det ikkje lagt til rette for gjennomgåande vegtrafikk. Viser til at det er regulert gangveg G2 mellom vegane f_V 2 og f_V 3 i gjeldande reguleringsplan «Eggesbøjorda». Dette prinsippet vert ikkje endra på i dette planframlegget, med unnatak av at veg f_SKV3 er forlenga austover med f_SKV 4 for å gi tilkomst til gnr. 38 bnr. 175 og 265 som fylgje av at Fv2 utgår Gangveg G2 vert såleis avkorta. Oversikt over vegane er vist i figur 3 under.



Figur 3: Oversikt over vegar innanfor og i tilknytning til planområdet. Merk at SKV3 og 4 er relativt korte vegar som forlenger V3.

Slik ein oppfattar intensjonane i gjeldande reguleringsplan er det ikkje ønskjeleg med ein tilkomst til omtalte tomter frå aust til dømes via V2. V2 og V3 er bundne saman med ein gang- og sykkelveg. Det er ikkje ønskjeleg å ha gjennomgangstrafikk forbi felles leikeplass Fe 1. Tilkomst vert løyst via tilkomstvegar frå Grønhaugvegen. Grønhaugvegen er regulert i gjeldande plan med ei utviding til 6m breidde.

“Videre har vi fortsatt ikke fått noen forklaring på hvorfor området BFS2 fortsatt er en del av planen. Dette området tilhører Sindre Løseth, som ikke står bak planforslaget”.

Som skildra i varslingsbrev datert. 18.12.2014 vart del av veg Fv2 endra til bustadareal. Dette med bakgrunn i at den forlenga tilkomstvegen i nord (f_SKV4) vil det ikkje lenger vere behov for veg Fv2. Byggjegrensene er tilsvarende justert. Ein beheld del av veg Fv2 mellom vegkant og byggjegrænse som fellesavkøyrslé frå Grønhaugvegen. Merknaden på Fv2 har såleis blitt imøtekomen på dette punktet. Slik det er tolka gjennom planprosessen for denne planen ønskjer Løseth at arealet skal haldast slik det er i dag, noko denne planen legg til rette for.

“De øvrige innsigelsene er imidlertid overhodet ikke behandlet av verken administrasjonen eller kommunestyret, utover en kommentar om at «Vegløysingane og tilkomst til området er vurderte som akseptable innenfor kommunens retningslinjer.» Alternativ trasé med avkjøring østfra på Grønhaugvegen er ikke vurdert”.

Klagar trekk her fram ei setning frå saksframlegget til K-sak 86/17 (slutthandsamingssak). Dette er tidlegare vurdert og kommentert gjentekne gonger i planprosessen. Her viser vi til vedlegg A1 (21.03.2016) til planforslaget som vart lagt fram i F-sak 153/16 – Kommenterarar i pkt. 3, pkt. 4, pkt. 6, samt pkt. 9-4. Vidare er det besvart i brev frå plankonsulent adressert Sindre Løseth med dato 17.03.2015. Avsnittet i saksframlegget til F-sak 126/17 og K-sak 86/17 er å rekne som ei stadfesting av dei tidlegare kommentarane og at desse står ved lag.

“Vedtaket må alene på grunn av mangelfull saksbehandling oppheves og sendes til ny behandling i kommunen. Det er klart at feilene ved saksbehandlingen kan ha påvirket vedtakets innhold”.

Rådmannen vurderer det til at det ikkje er nye moment til saka i klaga frå Advokatfirmaet Engelsen. Vi viser til fleire dokument frå planprosessen som klart viser at dei innkomne innspela det er referert til er kommentert og teke tydeleg stilling til fleire gonger gjennom planprosessen. Vi kan difor vanskeleg sjå at det her er gjort feil eller mangelfull sakshandsaming.

“3. Vedtaket er materielt uriktig”:

“3.1. Reguleringsforslaget kommer i konflikt med private rettigheter”

“Løseth har eiendomsrett til garasje og løe, i det minste en bruksrett. Planlagt område BLK som dekker deler av garasjetomten og steinhaugen mellom den og låven er nå lagt ut som lekeareal. Problemet er at dette kommer i konflikt med Sindre Løseths etablerte rettigheter til garasjeplass og låve. Rettighetene er etablert gjennom avtale og hevd”.

“Kommunen har ikke på noe tidspunkt stilt spørsmål ved disse rettighetene, men bare valgt å overse dem”.

“Problemet er at utøvelsen av rettighetene kommer i konflikt med reguleringsplanen”.

Dette er besvart gjennom vedlegg A1 (21.03.2016) til planforslaget som vart lagt fram i F-sak 153/16 – Kommentatarar i pkt. 3 og pkt. 6. Rådmannen siterer frå F-saka:

“I høve omtalte rettar som Sindre Løseth hevdar å ha knytt til låven er det innhenta opplysingar frå Statens Kartverk Tinglysingen”... “Av motteken dokumentasjon frå Statens kartverk er det ingen tinglyste rettar i høve bruk av løda. I kva grad andre «type rettar» kan gjere seg gjeldande vil truleg måtte avklarast ved rettsleg avgjerd...”.

“Som det går fram i skrivet ligg det ikkje føre tinglyste rettar på eigedomen gnr. 38 bnr. 176. (Eigar: Borgny Berge). Det vert vist til at Løseths rett har vore kjent av Borgny Berge... I høve framlegg til reguleringsplan vil vi vise til at ev bruksrettar knytt til løda er utan betydning for reguleringssaka”.

Vidare er det besvart i brev adressert Sindre Løseth med dato 17.03.2015. Til slutt er det kommentert i saksframlegget til F-sak 126/17 og K-sak 86/17 for slutthandsaming – *“Når det gjeld eigedomsspørsmålet er dette ei sak for vidare byggesøknad å vurdere, og ein ser ikkje dette som ein del av plansaka”.*

“Området BLK, som løe og garasjetomt ligger på, er satt av til lekeareal. Løseth rettigheter lar seg ikke kombinere med at området brukes til lek. Vi legger videre til grunn at en innskrenking av lekearealet vi gjøre at utbyggingen ikke tilfredsstiller krav til minste lekeareal”.

Løseth har påståtte rettar til løde og garasjetomta, men har ikkje eigarskap i grunnen. Om leikeplassen kan etablerast medan løda står der og er i bruk er eit spørsmål som må avklarast rettsleg.

“Det er stilt rekkefølgekrav om at lekeplass skal være opparbeidet før det gis brukstillatelse”.

“Behovet for ekspropriasjon etter plan- og bygningsloven kapitel 16 er ikke drøftet”.

“Kommunens mulige erstatningsansvar for inngrepet i forhold til grunnloven § 105 er ikke drøftet”.

Eigedomsforhold og privatrettslege tvistar er ikkje gjenstand for høyring i ein detaljreguleringsplan, der ein regulerer arealformål og ikkje eigedomsforhold. Løseth er ikkje grunneigar, men har hevda rett til bruk av løde og garasjetomt. Når det gjeld kommunens moglege erstatningskrav er det slik at behovet for ekspropriasjon ikkje vert drøfta då kommunen ikkje tek stilling til dette for private reguleringsplanar.

“Dokumentasjon for rettighetene”

“Sindre Løseth har også gjort faktisk bruk av garasje og løe i mange år”.

Det er her vist til privatrettslege forhold som kommunen ikkje skal ta stilling til.

“3.2. Vegløsningen er uheldig”

Vi viser her til tidlegare kommentarar på vegløyising. Spørsmålet er besvart gjennom vedlegg A1 (21.03.2016) til planforslaget som vart lagt fram i F-sak 153/16 – kommentarar i pkt. 4, pkt. 9-4, pkt. 12 og oppsummeringa i skrivet. Vidare er det besvart i brev adressert Sindre Løseth med dato 17.03.2015. Til slutt er det kommentert i saksframlegget til F-sak 126/17 og K-sak 86/17 for slutthandsaming. Grønhaugvegen er regulert med ei utviding til 6m breidde i gjeldande reguleringsplan for Eggesbøjorda. Dette tiltaket ligg også inne i prioriteringsliste for utbetring. Kommunen vil også leggje vekt på at det er særskildt ønskeleg å legge ein tilkomstveg forbi leikeplassen Fe1. Dette er ein større leikeplass (1,5 daa) som skal betjene området.

“3.3. Fortettet bebyggelse ødelegger området karakter og påfører eksisterende bebyggelse store ulemper”.

Her viser vi til politiske vedtak i Herøy kommune som fastslår at det bør byggjast fortettande på Bergsøya (føresegnene til arealdelen, § 2.13, s. 7). Dette er elles besvart gjennom vedlegg A1 (21.03.2016) til planforslaget som vart lagt fram i F-sak 153/16 – kommentarar i pkt. 9-3. Når det gjeld sol-/skuggeforhold viser vi til sol-skuggeanalyse som låg ved revidert planforslag datert 09.05.2017 med tilhøyrande notat frå plankonsulent datert 21.04.2017. Til slutt er det kommentert i saksframlegget til F-sak 126/17 og K-sak 86/17 for slutthandsaming.

“3.4. Reguleringsplanen omfatter områder som tilhører andre enn søker”.

Dette er besvart gjennom vedlegg A1 (21.03.2016) til planforslaget som vart lagt fram i F-sak 153/16 – kommentarar i pkt. 3 og 4. Det er også kommentert i saksframlegget til F-sak 126/17 og K-sak 86/17 for slutthandsaming.

Området var omfatta av reguleringsplan for Eggesbøjorda (gjeldande plan, planid 201208). Det vart då regulert inn ein tilkomstveg (Fv2) som skulle betjene BKS3 og BFS1 i dette planforslaget. Desse areala er no betjent av f_SKV4, via f_SKV3 og V3. Fv2 er dermed ikkje lenger naudsynt å etablere, og er regulert vekk i denne planen. Ein har erstatta Fv2 med BFS2 (frittliggande bustadareal) for å oppretthalde dagens situasjon for eigedomane 38/51 og 38/44. Dette er såleis i tråd med innspelet til Løseth som gjeld Fv2. For oversikt over vegar og arealformål, sjå figur 3.

Konklusjon:

Rådmannen vurderer det til at det ikkje er nokon nye moment i klagen som ikkje er belyst tidlegare i planprosessen og viser til dei dokumenta det gjeld. Dei påklaga momenta som er påstått å ikkje vere besvart er tidlegare besvart og dette er dokumentert. Rådmannen rår til at klagen ikkje vert teken til følgje.

Fosnavåg, 07.12.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

Herøy kommune
Utviklingsavdelingen
Postboks 274
6099 Fosnavåg

E-post: postmottak@heroy.kommune.no



Engelsen

Torgeir H. Langva
Christian Garmann

Sjur Engelsen Lange

I kontorfellesskap med
Merete Lossius Opdahl

Vår ref.:

A2015006 Anne Lise Tørlen
Ansvarlig partner: Christian Garmann
E-mail: christian@advo.no

Deres ref.:

Dato:

27.09.2017

KLAGE I SAK 2014/1994 DETALJREGULERING EGGESBØJORDA

1. INNLEDNING

Kommunestyret egengodkjente i medhold av plan- og bygningsloven § 12-12 detaljreguleringsplan for del av Eggesbøjorda med plankart og føresegner datert 21.04.2017.

Kunngjøring skjedde i brev av 06.09.17. Frist for klage er satt til 29.09.2017. På vegne av Sindre Løseth, eier av gnr 38 bnr 51 og 133 påklages vedtaket i medhold av plan og bygningsloven § 1-9 jf. forvaltningsloven kapittel VI. Klagen er rettidig. Det vil nedenfor bli gjort nærmere rede for grunnlaget for klagen.

2. SAKSBEHANDLINGSFEIL

Plan – og bygningsloven § 12-12 stiller følgende krav til administrasjonens saksframlegg.

Når forslag til reguleringsplan er ferdigbehandlet, legges det fram for kommunestyret til vedtak, eventuelt i alternativer. Av saksframlegget skal det framgå hvordan innkomne uttalelser til planforslaget og konsekvensene av planen har vært vurdert, og hvilken betydning disse er tillagt.

Sindre Løseth har under prosessen gjort gjeldende flere innsigelser. Det vises til våre brev av 12.10.16 og 13.07.17 samt min e-post av 31.08.17. Løseth har i hovedsak gjort gjeldende fire innsigelser mot forslaget:

1. Reguleringsforslaget kommer i konflikt med private rettigheter.
2. Vegløsningen er uheldig

3. Fortettet bebyggelse ødelegger områdets karakter og påfører eksisterende bebyggelse store ulemper.
4. Reguleringsplanen omfatter områder som tilhører andre enn søker.

Disse innsigelsene ble fremsatt i brev av 12.10.16 og opprettholdt og gjentatt i mitt brev av 13.07.17, hvorfra hitsettes:

Vi kan for øvrig ikke se at man har adressert problemstillingen rundt Løseths rettigheter i området. Det må forventes at kommunen har et bevisst forhold til dette.

Videre er problemet med veiløsningen uheldig og vil bli desto mer problematisk med fortettet bebyggelse og mange barnefamilier.

Videre har vi fortsatt ikke fått noen forklaring på hvorfor området BFS2 fortsatt er en del av planen. Dette området tilhører Sindre Løseth, som ikke står bak planforslaget.

I min e-post av 31.08.17 gjentas dette:

- *Ang. Sindre Løseth og hans mor Johanne Eggesbø sine etablerte rettigheter til tidligere omtalte område. Det foreligger dokumentert kvittering fra søsken til Johanne Eggesbø på betaling for låvebygning samt betalte forsikringer på denne gjennom mange år. Dette har blitt videreført med Sindre Løseth. Det foreligger også dokumentert løyve fra Herøy kommune til oppførelse av garasje på omtalte stykke. Alt dette er gitt løyve til av daværende eier Ragna Eggesbø (Johanne sin mor). Disse fakta er ikke bestridt under saksbehandling eller av utbygger. Man synes unødig opphengt i at rettighetene ikke er tinglyst, selv om dette bare har betydning i forhold til godtroende tredjemann. Det har ikke vært stilt spørsmål om bruken av låven og utgiftsdekning. Det ville i så fall ikke vært noe problem å dokumentere dette. Gjennom reguleringen vil kommunen ta stilling i et privatrettslig spørsmål på en ytterst uheldig måte.*
- *Ang. valg av veitilkomst synes det som de trafikkmessige forholdene er tatt for lite hensyn til og er av veldig stor betydning for naboer at blir ordnet før eventuelt noe sluttvedtak blir fattet.*

De øvrige innsigelsene er imidlertid overhodet ikke behandlet av verken administrasjonen eller kommunestyret, utover en kommentar om at «Vegløysingane og tilkomst til området er vurderte som akseptable innenfor kommunens retningslinjer.» Alternativ trasé med avkjøring østfra på Grønhaugvegen er ikke vurdert.

Vedtaket må alene på grunn av mangelfull saksbehandling oppheves og sendes til ny behandling i kommunen. Det er klart at feilene ved saksbehandlingen kan ha påvirket vedtakets innhold.

3. VEDTAKET ER MATERIELT URIKTIG

3.1. Reguleringsforslaget kommer i konflikt med private rettigheter

Konflikten mellom reguleringsplanen og rettighetene

Løseth har eiendomsrett til garasje og løe, i det minste en bruksrett.

Planlagt område BLK som dekker deler av garasjetomten og steinhaugen mellom den og låven er nå lagt ut som lekeareal. Problemet er at dette kommer i konflikt med Sindre Løseths etablerte rettigheter til garasjeplass og låve. Rettighetene er etablert gjennom avtale og hevd.

Kommunen har ikke på noe tidspunkt stilt spørsmål ved disse rettighetene, men bare valgt å overse dem.

Problemet er at utøvelsen av rettighetene kommer i konflikt med reguleringsplanen.

Området BLK, som løe og garasjetomt ligger på, er satt av til lekeareal. Løseth rettigheter lar seg ikke kombinere med at området brukes til lek. Vi legger videre til grunn at en innskrenking av lekearealet vi gjøre at utbyggingen ikke tilfredsstiller krav til minste lekeareal.

Det er stil rekkefølgekrav om at lekeplass skal være opparbeidet før det gis brukstillatelse.

Behovet for ekspropriasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 16 er ikke drøftet.

Kommunens mulige erstatningsansvar for inngrepet i forhold til grunnloven § 105 er ikke drøftet.

Dokumentasjon for rettighetene

Hva angår garasjen, ble den oppført av Sindre Løseths mor Johanne Løseth (senere Eggesbø). Eiendommen var da eid av hennes mor Ragna Eggesbø. Johanne Løseth betalte byggesaksgebyr for garasje den 13.06.85 med kr 110,-. Eiendommen ble senere arvet av Borgny Berge, uten at dette naturligvis endrer Johanne Løseths rettigheter i eiendommen.

Bilag 1: Faktura byggesaksgebyr garasje betalt av Johanne Løseth

Bilag 2: Byggeløyve garasje datert 19.06.1985

Videre mottok Reidar Eggesbø 01.06.98 kr 6.000,- fra Johanne Løseth for part i uthus.

Bilag 3: Kvittering datert 01.06.98 fra Reidar Eggesbø til Johanne Løseth

Videre har Johanne og Sindre Løseth betalt forsikring på uthuset i alle år. Som dokumentasjon vedlegges forsikringsavtale utstedt 07.06.01 fra Gjensidige Nor.

- Bilag 4:** Forsikringsavtale utstedt 07.06.01
Bilag 5: Forsikringsbevis datert 17.12.12
Bilag 6: Faktura fra Sparebank 1 Skadeforsikring, omfattende løe datert 15.12.14

Sindre Løseth har også gjort faktisk bruk av garasje og løe i mange år.

3.2. Vegløsningen er uheldig

Det er nå planlagt en avkjøring fra Grønhaugvegen sørvest for området som går rundt området. Det er uakseptabelt at all trafikk skal legges forbi et område som allerede er utsatt for mye trafikk og det er mange barn som leker ved og på veien.

Det beste alternativet ville være å forlenge den påbegynte vegen nord for området. Dette er en bedre løsning trafikalt og sannsynligvis rimeligere.

Kommunen synes helt å ha oversett protestene fra naboene i området, se tidligere innsendt underskriftsliste.

3.3. Fortettet bebyggelse ødelegge områdets karakter og påfører eksisterende bebyggelse store ulemper

I opprinnelig plan er området lagt ut til småhusbebyggelse. At man nå forandrer dette først til 2 mannsboliger og nå sist til 4 mannsboliger innebærer en fortetning som ødelegger området.

Løseths tomt blir «innkapslet» i prosjektet. Bygningene vil ta det meste av ettermiddags og kveldssol. Det gjelder spesielt feltet BKS1. At feltet BG1 er avsatt til garasje / biloppstilling hjelper lite da kveldssola stort sett blir tatt av BKS1.

3.4. Reguleringsplanen omfatter områder som tilhører andre enn søker

Det er vanskelig å se hvorfor området BFS2 skal være en del av planen. Dette tilhører ikke utbygger, men Sindre Løseth og Sveinar Frøysa. Løseth har ikke blitt tatt med på råd av utbygger. Å legge føringer på utnyttelse av Løseths eiendom gjennom en regulering han ikke er en del av, blir feil. Forslaget til endring for dette området bør eventuelt komme fra Sindre Løseth.»

Det kreves at reguleringsforslaget ikke godkjennes, subsidiært at vedtaket oppheves.

Med vennlig hilsen

Christian Garmann
Advokat

Kopi Sindre Løseth

POSTKORT



Til

Johanne Løseth

6092 Eggesbønes

Kommunekasseraren
i Herøy
6090 FOSNAVÅG

Fosnavåg, den 13.6.85

FAKTURA		Kroner	Øre
Dato	An		
	byggjesaksgebyr garasje	110.00	
		XXXXXXXXXXXXXXX	
	Meirverdiavgift inkludert med kr.		
Summen kan betalast på næraste poststad. Har De postgiro- konto, kan De girere summen ved hjelp av denne blanketten.		T alt	

Kvitting

Norske kroner 110. 00 Øre

Belast min/vår
postgirokonto

INNBETALT TIL POSTGIROKONTO 58635 01
KOMMUNEKASSERAREN I HERØY
6090 FOSNAVÅG

Innbetalingsnummer
og signatur

26.06.85 A-1317
6090 FOSNAVÅG

Ved reklamasjon må De vise kvittering.

HERØY KOMMUNE

Teknisk etat
6090 FOSNAVÅG

Telefon (070) 88 114

Ark. nr. 38/51 Jnr. 494/85

Dato: 19. juni, 1985.

Saksh.: Magnus Myklebust

Bilag: 2

JOHANNE LØSETH,
6092 EGGESBØNES.

BYGGEMELDING/GARASJE - GNR. 38 BNR. 176 I HERØY KOMMUNE.

Byggemelding, datert 12.06,85, frå Johanne Løseth, Eggesbønes, vedkomande oppføring av dobbel frittstående garasje på gnr. 38 bnr.176 på Eggesbønes i Herøy kommune, eigar Ragna Eggesbø.

Ved byggemeldinga ligg teikningar av garasjen, som vil få ei grunnflate på 36 m².

Vidare ligg ved situasjonskart som syner plasseringa, og erklæring frå tilstøytande naboar der det går fram at dei ikkje har merknader til saka.

V E D T A K:

I medhald av vedtekt til bygningslova § 14 nr 2 gjev teknisk sjef (bygningssjefen) løyve til oppføring av frittstående garasje i tre på gnr. 38 bnr.176 i Herøy, slik som omsøkt og i samsvar med innsendte teikningar, situasjonskart og byggemelding datert 12.06,85.

Byggearbeida må utførast etter reglane i bygningslova, byggeforskriftene og vedtektene for Herøy kommune.

Hallvard Rusten
Hallvard Rusten

Magnus Myklebust
Magnus Myklebust

Kopi til eigaren
av gnr. 38 bnr.176: Ragna Eggesbø, 6092 Eggesbønes.

BYGGJEMELDING 2
for garasjar, uthus, båthus, buer o.l.

Byggjemeldingar med bilag må sendast i 2 eksemplarer. Set "X" i rutene og gje turvande tilleggsopplysningar. Bruk blokkskrift eller skrivemaskin.				
Til bygningsrådet i: <u>HERØY</u>		TEKNIK ETAT HERØY J.nr: <u>1023</u> Mottatt: <u>13/685</u> Arkiv: _____ Registrernr (Gnr/bnr/festenr) ev. parsellnr: _____		
Arbeidsstad <u>EGGESBØNES</u>		Adresse <u>6092 EGGESBØNES</u> Tlf. _____		
Byggherre <u>JOHANNE LØSTH</u>		Adresse <u>6092 EGGESBØNES</u> Tlf. _____		
Ansvarshavande		Adresse _____ Tlf. _____		
Bygget	Bruttoareal <u>36</u> m ²	Art ☒ Garasje ☐ Uthus ☐ Båthus ☐ Bu	Anna _____	
Vedlegg	☒ Målsett situasjonsplan/-kart påskrive namn på naboane og gjenbuarane			
	☐ Teikningar av plan, snitt, fasadar			
	☒ Gjenpart av nabovarsel med kvittering (naboerklæringar)			
Minste-avstandar	Til annan bygn. _____ m	Til eiged.grense _____ m	Til veg (midten) _____ m ☐ Avstandane er målsett på situasjonsplanen/-kartet	
Veg	☐ Komm. veg ☒ Privat veg ☐ Veg skal opparbeidast		☐ Tilkomstveg er teikna inn på situasjonsplanen/-kartet	
Byggjegrunn, drenering	☐ Fjell ☒ Grus/sand ☐ Leire		Anna _____	
	☐ Røyr ☐ Dim. _____ ☐ Kultgrøft ☒ Sjølvdrenering			
Byggjespesifikasjon	Fundamentering ☒ Frostfri mur ☐ Frostfrie pilarar ☐ Laus på bakken			
	Utførsle ☒ Plassbygd ☐ Prefabrikkerte seksjonar/element ☐ Fabrikk, type _____			
	Materiale	Sement-blokker	Tegl	Alu-minium
	☒ Tre	☐ Sement-blokker	☐ Tegl	☐ Alu-minium
	Fasadebehandling ☒ Liggjande kledning ☐ Stående kledning ☐ Puss ☐ Synlege fuger ☐ Alu-minium			
	Isolasjon ☒ Ingen isolasjon ☐ Mineralull ☐ Blokker			
	Innvendig kledning ☒ Ingen kledning ☐ Spon-/gipsplater ☐ Panel			
	Taktekking ☐ 2 lag papp ☐ Takstein ☐ Skifer ☒ Alu-minium			
	Dokumentasjon ☐ Gjeven på teikningane ☐ Gjeven i eige vedlegg			
	Evt. tilv. _____			
Andre opplysningar				
Under-skrifter	<u>EGGESBØNES</u> den <u>12/6-85</u> <u>Johanne Løsth</u> Byggherre-underskrift _____ Meldar-underskrift			

N A B O E R F L Æ R I N G.

Underteikna er gjort kjend med at .Johanne Løseth..

har planar om oppføring av ..dobbel garasje.....

Underteikna seier med dette i frå at eg/vi ikkje har
merknader til desse planane, og at bygningsrådet difor
for min/vår del kan handsame saka og gjeva byggeløyve
som omsøkt.

Stad:.....

Den 13/6 1985

R. Eggesbø
.....
Reidar Eggesbø

Sigvald Eggesbø
.....
Sigvald Eggesbø

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....


Nord

KARTUTSNITT AV EGGESBØNES




Mål. 1:1000 - dato 12.06, 1985.

Situasjonskart for plassering av
frittstående dobbel garasje på
gnr. 38 bnr. 176 i Herøy.

Johanne Løseth,

6092 Eggesbønes.

① 2 stk vindu
100 x 60 utv. karm.



GARASJE I TRE.

Målestokk: 1:50 Dat. 8.12.1972.

Wichtigste der beherrschten
Arzt. 6000 - für groß n. tibialis.
Heider, Egypten:


- eingestrichen 16-48.

Johanne Andrea Eggesbø
6092 EGGESBØNES



Forsikringsavtale

www.gjensidige.no



Hjelp 24 timer i døgnet – Ring 8008 1111



**Gjensidige
NOR**

FORSIKRINGSAVTALEN BESTÅR AV

- Forsikringsbeviset
- Forsikringsvilkårene
- Forsikringsavtaleloven av 16.06.1989
- Det øvrige lovverk

Teksten i forsikringsbeviset gjelder foran forsikringsvilkårene. Forsikringsbeviset og forsikringsvilkårene gjelder foran lovbestemmelser som kan fravikes.

ER DET NOE SOM MANGLER?

Det er viktig at De kontrollerer forsikringsbeviset, da dette er en bekreftelse på avtalen som er inngått. Er det noe som er uteglemt eller feil - ta kontakt med Gjensidige NOR Forsikring snarest.

VÆR SPESIELT OPPMERKSOM PÅ**Hva en selv må sørge for – sikkerhetsforskrifter**

I hvert forsikringsbevis er det angitt sikkerhetsforskrifter som sier hva sikrede selv skal gjøre for å unngå eller begrense skader. Dersom sikkerhetsforskriftene ikke overholdes, kan erstatningen bli redusert eller falle bort.

Hvilke endringer en skal melde fra om – ansvarsbegrensninger

Prisen på forsikringen er beregnet ut fra de opplysninger forsikringstaker har gitt om det som er forsikret. Endring skal meldes til Gjensidige NOR Forsikring. Dersom endring ikke er meldt og det skjer en skade, kan erstatningen bli redusert eller falle bort.

HAR VI GJORT FEIL?

Dersom De mener Gjensidige NOR Forsikring har gjort feil i saker som gjelder

- forsikringsavtalen
 - erstatningsoppgjøret,
- kan De ta kontakt med:

• Gjensidige NOR Forsikrings Klagenemnd
Postboks 276, 1326 LYSAKER

• Forsikringsklagekontoret
Bygdøy Allé 19, 0262 OSLO

Det koster ikke noe å henvende seg til klagenemndene.

VED SKADE

Ved skade skal sikrede snarest melde fra til Gjensidige NOR Forsikring. Rett til erstatning kan falle bort dersom kravet ikke er meldt til Gjensidige NOR Forsikring innen ett år etter at sikrede fikk kunnskap om grunnlaget for erstatningskravet.

Alle skader som meldes et forsikringsselskap, registreres i Forsikringsselskapenes sentrale skaderegister (FOSS). Når et forsikringsselskap melder en skade til registeret, får selskapet automatisk oversikt over alle skader som tidligere er meldt på samme kunde – også skader i andre forsikringsselskaper. Det er ikke mulig for selskapene å hente ut informasjon fra registeret annet enn ved registrering av skade. Registeret er ikke tilgjengelig for andre. Registrerte skader slettes etter 10 år.

Forsikringstaker har innsynsrett i registeret etter personregisterloven § 7. Dersom slikt innsyn ønskes, må skriftlig anmodning sendes eget forsikringsselskap.

SKADEFOREBYGGENDE UTSTYR

Gjensidiges Sikkerhetsbutikk selger skadeforebyggende utstyr til gunstige priser.

www.sikkerhetsbutikken.no

Telefon: **8008 0588**


**Gjensidige
NOR**

Org.nr. NO 938 741 700

 Johanne Andrea Eggesbø
6092 EGGESBØNES


006110

Forsikringsoversikt Gjensidige-Avtalen Privatforsikring

Fornyelse

Forsikringsnummer	18117533
Gjelder fra	12.07.2001
Hovedforfall	12.07
Betalingsterminer	12.07
Utstedt	07.06.2001
Side	1 av 6

Det er avtalt forsikring på følgende	Års- premie (kr)
 Bolig - Bygning og innbo 0038/0051 Myrbø Herøy	3.541
Forsikringens samlede pris	3.541

Egenandel ved skade

Det trekkes kun en egenandel per skadetilfelle. Dersom flere dekninger berøres, trekkes høyeste egenandel.

**Gjensidige
NOR**

Forsikringsnummer	18117533
Ustedt	07.06.2001
Side	3 av 6



Forsikringsbevis Bolig - Bygning og innbo

Fornyelse gjelder fra 12.07.2001

	Forsikrings- sum	Egenandel	Vilkår side
Forsikringssted: 0038/0051 Myrbø Herøy			
2. Vedrørende første tema: Som beskrive i varslingsbrevet datert. 18.12.2014 vert del av veg FV2 no endra til bustadareal. Dette med bakgrunn i at med den forlenga tilkomstvegen i nord (V3) vil det ikkje lenger vere behov for veg FV2, berre avkøyrsla – som er oppretthalden. Byggjegransene vil bli tilsvarende justert. Ein beheld del av veg FV2 mellom vegkant og byggjegrans som fellesavkøyrsla frå Grønhaugvegen. Merknaden vert såleis imøtekomen på dette punktet. Vedrørende andre tema: Det visast til reguleringsplanen «Eggesbøjorda – område F/K/O». Denne ligg i skrivande tidspunkt ute til off. ettersyn. I denne planen er det ikkje lagt til rette for gjennomgåande vegtrafikk så langt vi kan sjå. Viser til at det er regulert gangveg mellom vegane V2 og V3 i gjeldande reguleringsplan «Eggesbøjorda». Dette prinsippet vert ikkje endra på i dette planframlegget, med unntak av at veg V3 er tenkt noko forlenga austover og gangveg såleis vert avkorta. Forlenginga av vegen gjev tilkomst for dei to (2) tomtene som elles ville hatt tilkomst til veg FV2. Dette vil ikkje ha nokon nemnande konsekvens for trafikktryggleiken i området.

Herøy kommune har sendt oss Dykkar brev som De sende til medlemmer av Maritim og teknisk komite, utviklingsleier og saksbehandlar datert 2.2.2015. Der heiter det i 1. prikkpunkt «...jeg har sterke retter i en del av planområdet, noe som er bekreftet etter konsultasjon med advokat.»

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA
Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

www.agplan.no
firmapost@agplan.no


Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør • arkitektbedriftene • MNAL • RIF

Dersom denne dokumentasjonen er vurdert å vedkome reguleringsarbeidet ber vi om å få denne dokumentasjonen oversendt snarast – og seinast innan 7.4.2015.

Med vennleg helsing



for Kåre Gjengedal

siv.ing./planleggar RIF

*Kopi: Herøy kommune, planavdelinga. Adr.: postmottak@herøy.kommune
Ørsta Byggservice AS v/ Monika Rebbestad (sendt per e-post)*

Vedlegg: Utskrift frå grunnboka – innhenta frå Statens Kartvert Tinglysingen

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

www.agplan.no
firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

Eiendom

Søkenøkkel 1515 38 176

11.feb.2015

Eiendom detaljer

Du har søkt på: Knr.: 1515 Gnr.: 38 Bnr.: 176 Fnr.: Snr.:

Adresse:

Eiendommen har ikke registrert adresse.

Søket returnerte ingen treff.

Bygning:

Eiendommen har ikke registrert bygning.

Grunndata:

Registreringsenhet:

STATENS KARTVERK TINGLYSINGEN

Ajour pr.: 09.02.2015

21.02.1978 859

REGISTRERING AV GRUNN

Denne eiendom utskilt fra: 1515 / 38 / 131 //

Hjemmelsinformasjon:

Registreringsenhet:

STATENS KARTVERK TINGLYSINGEN

Ajour pr.:09.02.2015

Eiendommen er utskilt fra:

21.02.1978 859

REGISTRERING AV GRUNN

1515 / 38 / 131 //

Hjemmelshavere:

12.02.1988 954

HJEMMEL TIL GRUNN

Kjøpesum: 0

Omsetningstype: Uoppgitt

BERGE BORGNY

FØDT: 26.06.1921

GJELDER DENNE MATRIKKELENHETEN MED FLERE

Søket returnerte ingen treff.

Pengeheftelser:

Registreringsenhet:

STATENS KARTVERK TINGLYSINGEN

Ajour pr.: 09.02.2015

Ingen pengeheftelser registrert.

Festeavtaler:

Registreringsenhet:

STATENS KARTVERK TINGLYSINGEN

Ajour pr.: 09.02.2015

Ingen festeavtaler på festenummer registrert.

Leieavtaler:

Registreringsenhet:

STATENS KARTVERK TINGLYSINGEN

Ajour pr.: 09.02.2015

Ingen leieavtaler registrert.

Søket returnerte ingen treff.

Servitutter:

Registreringsenhet:

STATENS KARTVERK TINGLYSINGEN

Ajour pr.: 09.02.2015

FOR SERVITUTTER ELDRE ENN FRADELINGSDATO OG EVENTUELLE
AREALOVERFØRINGER SOM KAN HA BETYDNING FOR DENNE
MATRIKKELENHET HENVISES TIL HOVEDBRUKET /
AVGIVEREIENDOMMEN. FOR FESTENUMMER GJELDER
HENVISNINGEN SERVITUTTER ELDRE ENN FESTE KONTRAKTEN.

Ingen servitutter registrert.

Eiendommens rettigheter:

Registreringsenhet:

STATENS KARTVERK TINGLYSINGEN

Ajour pr.: 09.02.2015

Ingen rettigheter registrert.

Eiendom:

Eiendomsopplysninger:

Eiendomstype:

BEST. GRUNNEIENDOM

Eiendom etablert dato:

21.02.1978

Status eiendom EG:

Bruksnavn:

MYRBØ II

Næringsgruppe:

Registrert i Matrikkelen:

JA

Eiendom tinglyst:

Eiendom er tinglyst

Areal:

1417,0

Areal kilde:

Areal hentet fra eiendomsbase

Eiendom oppdatert dato:

..

Mikrofilm:

4120



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2014/1994
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
126/17	Formannskapet	22.08.2017
86/17	Kommunestyret	31.08.2017

SLUTTHANDSAMING EGGESBØJORDA - DETALJREGULERING

Tilråding:

Kommunestyret eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *Detaljreguleringsplan for del av Eggesbøjorda*, med plankart og føresegner datert 21.04.2017.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

Møtebehandling i formannskapet – 22.08.2017:

Planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 22.08.2017

Kommunestyret eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *Detaljreguleringsplan for del av Eggesbøjorda*, med plankart og føresegner datert 21.04.2017.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

Møtebehandling i kommunestyret – 31.08.2017:

Epost av 31.08.2017 frå adv.firma Engelsen.

Planleggar Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte i saka.

Det vart halde gruppemøte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.08.2017

Kommunestyret eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *Detaljreguleringsplan for del av Eggesbøjorda*, med plankart og føresegner datert 21.04.2017.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

Særutskrift:

Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Statens Vegvesen, region midt.

Søre Sunnmøre Landbrukskontor.

NVE

AG Plan- og arkitektur AS, Webjørn Swendsen gt 12 6150 Ørsta

Sindre Løseth, Lisjebøvegen 16 6091 Fosnavåg

Barnerepresentanten

Vedlegg:

- Innspel til planforslag (etter F-sak 153/16).
- Revidert plankart, datert 21.04.2017
- Revidert føresegner, datert 21.04.2017
- Revidert planomtale.
- Sol-/skuggeanalyse.
- Illustrasjonsskisse for mogleg MUA.
- Innspel etter revidert planforslag.

Samandrag av saka:

Planområdet ligg i Herøy kommune, på Myklebust, nærare bestemt på Eggesbøjorda. Frå planområdet er det om lag 2,5 km til Fosnavåg sentrum. Målet med reguleringsendringa er å leggje til rette for konsentrert småhusbusetnad med tilhøyrande infrastruktur samt endre tilkomst til allereie regulerte byggeareal. Reguleringsendringa vert fremja som ein detaljplan iht. PBL § 12-3 og området inngår i den gjeldande reguleringsplanen Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr. 38/2 m.fl. frå 2012. Tiltakshavar/forslagstillar er Ørsta Byggservice AS. Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Jorunn Beate Lillebø Lande (JBLL) som oppdragsansvarleg/ planleggar.

Saksopplysningar:

Planområdet ligg på nordsida av Grønhaugvegen i botnen på ei slak helling mot sør. Ved eksisterande løde er der ein liten markant haug, med unntak av denne varierer terrenghøgder frå ca kote c + 2 i søndre del til c + 3 i nordre del. På sørsida av Grønhaugvegen startar høgdedraget som den karakteristiske Eggesbøsteinen inngår i. Dette høgdedraget samt mindre kollar og høgdedrag på vestsida gir planområdet noko skjerming for vør og vind og definerer eit landskapsrom som orienterer seg ned mot Eggesbøvågen i aust. Planområdet er ikkje utbygd med unntak av ei løde og fundament til tidlegare garasje på gnr 38 bnr 133 og 176. Området framstår som mark etter tidlegare landbruksdrift med innslag av høgare tre som fungerer som vern mot vind for ikring liggande busetnad.

Oppsummering av kva reguleringsendringa vil omfatte:

- Endra føremål frå frittliggjande småhusbusetnad til konsentrert småhusbusetnad. Dette for å leggje til rette for oppføring av 4-mannsbustadar.
- Justering av interne tomtegrenser. Dette for å tilpasse tomtene dei bygga tiltakshavar ser føre seg.
- Køyreveg V3 vil verte forlenga austover for å gi tilkomst til dei austlegaste tomtene. Såleis vil gangvegen vidare nordover verte tilsvarande avkorta.
- Vendehammar i tilknytning til forlenging av V3
- Ny køyreveg V4 frå V3 og inn til innte bustadtomt.

- Del av veg FV2 vert endra til bustadareal. Dette med bakgrunn i at med den forlengta tilkomstvegen i nord (V3) vil det ikkje lenger vere behov for FV2.
- Byggjegransene vil verte tilsvarande justert. Ein beheld del av FV2 mellom vegkant og byggjegrænse som felles avkøyrslé frå Grønhaugvegen.
- Etablering av areal for leikeplass for bustadane.

AG Plan og Arkitektur AS drøfta regulerings-saka med kommunen i slutten av 2014. Det blei avklara at saka kunne handsamast som ein mindre reguleringsendring. Saka vart såleis varsla med skriv til råka grunneigarar og naboar, samt fylkesmannen og fylkeskommunen i brev datert 18.12.2014. Frist for merknader var 19.01.2015. Det kom inn 6 merknader. I etterkant av denne varslinga vart det avklart at ein ønska reguleringsendring frå frittliggjande til konsentrert småhusbusetnad. I tillegg ville ein utvide planområdet noko. Med bakgrunn i endra planføresetnader vart det halde oppstartsmøte med Herøy kommune 13.5.2015 i samsvar med PBL § 12-8. Ein konkluderte med at det planlagde tiltaket var ei vesentleg reguleringsendring, og at ein difor måtte varsle saka på nytt pga. at sak må handsamast som ei vanleg reguleringsendring. Det vart varsla oppstart av planarbeidet for andre gong, ved annonse i avisa Vestlandsnytt og skriv til råka partar 09.10.2015, med frist for å kome med innspel sett til 24.11.2015.

Planforslaget vart fremja formannskapet i F-sak 153/16 og vart vedteke lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker. Det kom inn sju innspel, deriblant ei motsegn til planforslaget. Motsegna var fremja av Møre og Romsdal Fylkeskommune (vedlagt). Motsegna vart fremja på grunnlag av at det mangla *“eigna areal for uteopphald og leik innanfor byggeområda”* i plandokumenta. Motsegna vart trekt (vedlagt) etter revidering av plandokumenta (april 2017). Saman med reviderte plandokument vart det også utarbeidd sol-/skuggeanalyse, samt ei planskisse med moglege MUA-areal innanfor planområdet.

Reviderte plandokument vart i tillegg sende til naboar for offentleg ettersyn. Det kom inn eitt innspel frå Sindre Løseth, v/ Advokatfirmaet Engelsen (vedlagt). Løseth v/ advokat meiner ei fortetting av bustader er *“unødvendig”* og at det er *“et fremmedelement i området”*. Herøy kommune viser her til politiske vedtak om at Bergsøya skal ha fortetta bustadareal. Ein viser også til at revidert planforslag legg opp til eit redusert tal på firemannsbustader frå to til ein på BKS3. Vidare er BKS 3 delvis erstatta med området BFS1 som legg opp til oppføring av ein tomannsbustad. Vegløysingane og tilkomst til området er vurderte som akseptable innanfor kommunens rettningslinjer. BFS2 er teikna inn i planen for å sikre at ny tilkomstveg til BKS3 ikkje skal kunne etablerast over eigedomen til Løseth og naboen på gbnr. 38/44. Her er det regulert ein veg (Fv2) i detaljreguleringsplan for Eggesbøjorda gnr. 38/2 m. fl (planid 201208). Denne omreguleringa sikrar dermed at dette området står urørt og er avsett til formål *“frittliggjande småhusbebyggelse”*.

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune vurderer det til at tiltakshavar har kome i møte dei innspela som kom til revidert planforslag. Tiltakshavar har mellom anna justert MUA og vist til ei sol-/skuggeanalyse. Når det gjeld eigedomsspørsmålet er dette ei sak for vidare byggesøknad å vurdere, og ein ser ikkje dette som ein del av plansaka. Konsentrert busetnad er i tråd med politiske vedtak i Herøy kommune, samstundes er det vist til ei utbygging og eit tal på bueiningar som ikkje utløyser krav om utbetring av eksisterande veg. Konklusjonen er difor at administrasjonen er positiv til planforslaget.

Fosnavåg, 09.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar


Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand



SOL – SKUGGEANALYSE «del av EGGESBØJORDA SØR»
Vårjamdøgn 20 mars 2017 kl. 15:00 – utan skugge
(Leikeplass vist med raud strek. Lengde/breiddegrad: Fosnavåg)



SOL – SKUGGEANALYSE «del av EGGESBØJORDA SØR»
Vårjamdøgn 20 mars 2017 kl. 15:00 – med skugge
(Leikeplass vist med raud strek. Lengde/breiddegrad: Fosnavåg)



SOL – SKUGGEANALYSE «del av EGGESBØJORDA SØR»
Vårjamdøgn 20 mars 2017 kl. 15:00 – med skugge, perspektiv frå søraust
(Leikeplass vist med raud strek. Lengde-/breiddegrad: Fosnavåg)

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

Notat Side 1	PROSJEKT: EGGESBØJORDA REG. ENDRING PROSJEKTNR: 2223	Dato: 21.04.2017
------------------------	--	------------------

Tiltakshavar/prosjekt: Ørsta Byggservice AS v/Monika Rebbestad og Trond Bornstein

Tilbakemelding til Møre og Romsdal fylkeskommune vedkomande motsegn dat. 16.11.2016 ved off. ettersyn.


Pkt.	Omtale	Ev. merknad
Moment vedkomande «Barn og unge»		
1	Generelt: Vi har no omarbeidd planframlegget ved at det er teke større omsyn til barn og unge. Vi viser til gjeldande føresegn til kommuneplanen pkt. 2.14, T2/08 og TEK10§8-4.	
2	Endring av tal bustadeiningar: Område BKS3 er foreslått endra ved at arealet vert delt i to areal: BSF1 og BKS3. BFS1 vert nytta til 2-mannsbustad. BKS3 vert nytta til ein (1) stk. 4-mannsbustad. Dvs. vi reduserer talet bueiningar med 2 stk. Samla har området no 14 bueiningar.	Endra til bueiningar til 14 stk.
3	Sol-/skuggeanalyse: Basert på revidert planframlegg er det laga sol-/skuggeanalyse. Det er nytta vårjamdøger 20. mars 2017 kl. 15.00 samt breidde- og lengdegrad for Fosnavåg. Bygningane er lagt inn i hht vedlagt «illustrasjonsplan» og i hht dei maks møne- og gesimshøgde som planen tillèt, jf. føresegnene (møne: 6,5 m, gesims 8,5 m). Det er teke bilde både med og utan skugge (her ligg litt skugge i ortofotoet).	Sol-/skuggeanalyse med vårjamdøger kl. 15 og breidde-/lengdegrad for Fosnavåg
3	Felles leikeplass, BLK: Arealet er foreslått endra til storleik ca. 860 m ² . Eksisterande bygning er føresett å inngå i planen. Bygningen har ei grunnflate på 66 m ² . Areal utan bygning 800 m ² . Målbart areal i hht T-2/08 er 700 m ² (eks frisisktone) der 600 m ² har sol ved vårjamdøger kl. 15.00, dvs. godt over 80% av arealet. Viser til vedlagt sol-/skuggeanalyse. Der leikeplassen har stigning brattare enn 1:3 (mindre del lav haugen) vert denne føresett avretta slik at alt arealet tilfredsstiller krava og at terrenget vert tilbakeført med vegetasjonsdekke som før, jf. føresegnene. Arealet er eigna Leikeplassen tilfredsstiller no både kommuneplanen sine krav og T-2/08 sine krav.	Etter kommuneplanen Skal bustadområdet ha 50 m ² leikeareal pr. bueining, dvs. her 700 m ² . Planen viser leikeareal på ca. 800 m ² eks bygg og med 700 m ² som målbart leikeareal.
4	MUA: minste uteoppfallsareal: I føresegnene §8 j. er det sett krav om at det som minste uteoppfallsareal på bustadareal skal opparbeidast min. 20 m ² pr. bueining. Solkrava gjeld som for leikeplass elles, dvs. min 50% av arealet skal ha sol vårjamdøger kl. 15. Dei aktuelle areala er vist med grøn farge på illustrasjon og då med påført arealstorleik også med sol i aktuell periode. BKS1 har mulig utnytting lik 4 bueiningar. Krav utomhusareal: 80 m ² . Mulig utomhusareal er 140 m ² og 130m ² av desse vil ha sol ved vårjamdøger kl. 15. BKS2 har mulig utnytting lik 4 bueiningar. Krav utomhusareal: 80 m ² . Mulig utomhusareal er 116 m ² og alt areal vil ha sol ved vårjamdøger kl. 15. BKS3 har mulig utnytting lik 4 bueiningar. Krav utomhusareal: 80 m ² . Mulig utomhusareal er 100 m ² og 50m ² av desse vil ha sol ved vårjamdøger kl. 15. BFS1 har mulig utnytting lik 2 bueiningar. Krav utomhusareal: 40 m ² . Mulig	

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

	utomhusareal er 100-150 m ² og alt areal vil ha sol ved vårjamdøger kl. 15. Krava til MUA-areala vil kunne stettast på god måte innan dei enkelte byggeareala. Endeleg plassering fastsetjast i utbyggingsplan ved byggesøknad, jf. føresegnene §§7 pkt. 2 e. og 8 j.	MUA-arealet kan løysast innan dei enkelte byggeareala i hht .
5	Utbyggingsplan: I føresegnene er det fastsett at det for BKS-områda skal lagast utbyggingsplan som også skal vise plassering av MUA-areala, 20 m ² pr. bustadeining. På denne måten vert arealet sikra i høve føresegna sine krav i byggesøknaden.	Krav etter føresegnene §§7 pkt. 2e. og 8 j.
6.	Vedlegg: - Utkast til revidert reguleringsplan - Illustrasjon som viser bygningar , målbart leikeareal og mulig MUA-areal - Sol-/skuggeanalyse - Rev føresegner der §7 pkt. 4 b og §8 j. der det går fram at • leikeplassen skal ferdigstillast med min. 700 m² målbart areal i hht T-2/08 • leikeplassen skal ha gjerde mot køyreveg • MUA-areal skal ha gjerde mot køyreveg	Vedlegg

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar



TEKNI FORKLARING

PBL § 12-5 REGULERINGSFØREMÅL OG 11-8 ØMSYNSØDNER

1 BYGNINGAR OG ANLEGG

⟨PBL § 12-5 nr. 1⟩

BFS BUSTADER - FRITTLIGJANDE SMÅHUSBUSTAD

BKS BUSTADER - KONSENTRERT SMÅHUSBUSTAD

BG GARASJE-/PARKERINGSANLEGG BUSTADER

BLK LEKEPlass

2 SAMEFERDSEL SANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

⟨PBL § 12-5 nr. 2⟩

SKV KØYREVEG

SGG GANGVEG

3 SIKRINGSSONE



⟨PBL § 11-8 o.l., jf. § 12-6⟩

FRISKT (H40)

REKKEFØLGERAV (H450)

LINESYMBOL

- Plan grense
- Førelåsgrense
- Grense for sikringssone
- Regulert tomtegrense
- Eigedomsgrense som opphevest
- Bygglegrense
- Bygg som kan inngå i planen
- Regulert senterlinje
- Friskittlinje
- Måle- og avstandslinje



EGARFORM

o.-SKV3 = Offentlig førelå
f.-SKV4 = Felles førelå

GEODETISK DATUM		HØGDEREFERANSE	EKVIDISTANSE	KARTGRUNNLAG	
EUREF89 UTM-sone 32		NN1954	1 m	Grunnkart Herøy kommune	
REVISJONAR				DATO	SIGN
Endring av BK1, BKS3, byggegrenser mv. som følge av motsegn frå MR-fylke				21.04.2017	KG
SAKSHANDSAMING		DATO	SAK	DATO	SIGN
Planutval					
Offentleg ettersyn					
Kommunestyret, eigendokkjenning					
HERØY KOMMUNE		REGULERINGSENDRING (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR DEL AV "EGGESBØJORDA" I HERØY KOMMUNE			
Forlagsstiltar: Ørsta Byggservice AS		Tegn: KG	Dato: 11.4.2016	Målestokk: 1:1000 (A3)	
Utarbeidd av:		Nasjonal arealplan-ID: 1515201501		Revisjon:	
AG Plan og Arkitektur AS		Tekningsnummer: 2223-100			
Webjörn Svendsen gt. 12, 6150 Ørsta					
Tlf 700 61 600, E-post: firmapost@agplan.no, www.agplan.no					

**"REGULERINGSENDRING FOR DEL AV EGGESBØJORDA GNR. 38
BNR. 2 M.FL"**

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
201208	XXX	xx.xx.2017	Herøy kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:

I nord: Gnr 38 bnr 2 og 273.

I aust: Gnr 38 bnr 22 og 273.

I sør: Grønhaugvegen, gnr. 38 bnr. 22, 44, 51, 132 og 133.

I vest: gnr. 38 bnr. 2.

§§ 1-3 GENERELT**§ 1 - Gyldighetsområde.**

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - Andre bestemmingar.

- Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.
- Når særlege grunnar ligg føre kan bygningsrådet gjere mindre vesentlege endringar i reguleringsplanen, men då under føresetnad av at desse endringane ligg innanfor ramma av plan- og bygningslova og byggjeforskriftene.
- Føresegnene i gjeldande plan Reguleringsplan for Eggesbøjorda gnr. 38 bnr 2 m.fl. er føresett oppretthaldne, men unnatak av bestemmingar som er fastsett i desse føresegnene.

§ 3 - Privatrettslege avtalar.

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 12-5 i plan- og bygningslova (PBL av 2008) til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 nr.1)

- Bustader ("BFS")
- Bustader ("BKS")
- Garasjeanlegg for bustad («BG»)
- Leikeplass («BLK»)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr.2)

- Køyreveg («V3» og «f_V4»)
- Gangveg («SGG»)

Sikringssone (pbl § 11-8 a.1, ifr. § 12-6)

- Frisiktsoner i vegkryss, langs veg (i kurver)

Infrastruktursone (pbl § 12-7 nr 10)

- Rekkjefølgjekrav infrastruktur (H430)
- Rekkjefølgjekrav grøntstruktur (H450)

§ 5 - FELLESFØRESEGNER

- a. Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene. Tillate bebygd areal (BYA) vert definert i samsvar teknisk forskrift (TEK). BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Parkering utomhus skal reknast inn i grunnlaget for BYA. Gesims- og mønehøgde vert målt ut frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget.
- b. Innafor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er naudsynt. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.

§ 6 – AREALBRUK

- a. I område merka "BFS" kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt.
I område merka "BKS" kan byggjast konsentrerte bustadhus med inntil fire (4) bueiningar på kvar tomt.
I område merka "BG" kan det byggast felles garasjeanlegg og parkeringsplass for bustadane i BKS-områda.
I område merka "BLK" kan det byggast nærleikeplass felles for bueiningane i planområdet.

Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane og anlegga sin funksjon.

Det skal ikkje førast opp plasthallar, skur eller midletidige konstruksjonar innan områda som denne planen omfattar.

- b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
Maks BYA for dei enkelte delområda:
 - BFS-område: 30 %
 - BKS - område: 40 %
 - BG - område: 50 %
- c. Innan byggeområda kan det setjast opp mindre naudsynte bygningar til trafoar, VA-anlegg og andre kommunaltekniske bygg. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.

§ 7– BYGNINGAR OG ANLEGG

1. Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, jf kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i pbl.

2. Bustadbygg:

- a. I område merka "BFS" og "BKS" skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m.
- b. I område merka "BFS" skal garasjar ikkje byggjast større enn 45 m² grunnflate og då berre i ei høgde. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

- c. I område merka «BKS» 2 og 3 skal det etablerast HC-biloppstillingsplass på bakken i nærleiken av inngang til kvar av firemannsbustadane. På område merka BKS3 kan det også oppførast sportsbuder på bakken.
- d. Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggande bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektonisk uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne. For å bryte ned storleiken på firemannsbustadane skal større vegg- og takflater brytast opp med ulike material-/fargebruk for å tilpasse seg skalaen til eksisterande/kringliggande bustadhus.
- e. Som del av byggjemelding for BKS-områda, skal det utarbeidast utbyggingsplan for BG - område og tilhøyrande BKS-område. Planen skal syne tomtegrenser, byggjetrinn og arealbruk i samsvar med pbl. § 69, her i også minste uteopphaldsareal (MUA).

3. Garasjeanlegg:

- a. I område merka "BG" kan det oppførast felles garasjeanlegg og parkeringsplass for «BKS»-områda. I tilknytning til garasjeanlegg kan det også oppførast sportsbuder for bueiningane. Kvart garasjebygg kan ha inntil 6 biloppstillingsplassar. For kvar bueining skal det etablerast 1 biloppstillingsplass i garasje og 0,5 biloppstillingsplass på bakken. Det skal vere min. 1 HC-biloppstillingsplass i garasje pr firemannsbustad. Der garasje parallelt off. veg ligg nærare enn 3 m, skal den delen av garasjekonstruksjonen (veggflate med tilhøyrande fundament) oppførast i betong slik at det ikkje oppstår skader grunna vegen sitt vedlikehald.
- b. Gesims- og mønehøgdd gjeld for "BG" område som for garasjar i "FS" område.
- c. BG1 er felles for bueiningar i BKS 1 og BKS 2.
BG2 er felles for bueiningar i BKS3.

4. Leikeplass:

- a. Leikeplass BLK er felles for bustadane i planområdet.
- b. Leikeplassen skal ved utbygging leikeplassen skal ferdigstillast med min. 700 m² målbart areal i hht T-2/08 og setjast i ein slik stand at den er eigna for leik og opphald, jf. TEK § 10-2 og REN § 10-2. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikeplassen skal ha gjerde mot køyreveg.
- c. Leikeplass skal vere opparbeidd med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat.
- d. Felles leikeplass, Fe.I, vist i «Reguleringsplan for Eggesbøjorda gnr. 38 bnr. 2 m.fl.» er felles også for bueiningane i planområdet, BFS1, BFS2, BKS1, BKS2 og BKS3.

§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

- a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalende. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.
- b. Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- c. Gjerde og hekkar langs gater skal ikkje vere over 0,7 m, ved avkøyrslé maks. 0,5 m, rekna utifrå vegnivået.

- d. Ev. utelagring kan berre tillatast dersom funksjonane vert skjerma av vegetasjon, gjerde eller overdekkande bygning. Dette må vurderast i kvar enkelt sak og ut i frå funksjon og omfang. Skjermingstiltak skal godkjennast av kommunen.
- e. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.
- f. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- g. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- h. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- i. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivå. Ved avkøyrsløse gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.
- j. Som minste opphaldsareal ute (MUA) skal det på bustadareal opparbeidast min. 20 m² areal eigna til leik pr. bueining. MUA-areal skal ha gjerde mot køyreveg.

§ 9 – SAMFERDSELANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (pbl . § 25.3)

1. Offentleg køyreveg

Køyreveg SKV3 skal opparbeidast med breidder som vist på plankartet.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på nabogrunn.

2. Felles veg

- a. Vegområde merka SKV4 er felles veg for bueiningane innanfor BKS3.
- b. Køyrevegen skal opparbeidast med breidder som vist i plankartet.
- c. Gangvegen SGG er felles for bueiningane innanfor BKS1 og BKS2 og skal syte for tilfredsstillande gangtilkomst til BLK. Skjeringar/fyllingar kan gå inn på tilstøytande eigedomar.
- d. Gangveg SGG skal ha vegbreidd minimum 1,5 m.
- e. Terreng, gjerde og hekkar langs gater skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsløse gjeld ovannemnde, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m.

§ 10 – SIKRINGSSONE (pbl. § 12-6)

Frisiktsone (H140):

I omsynssone for friskt, kode H140, er det forbod mot fyllingar, bygningsmessig arbeid og planting o.a. som er til hinder for fri sikt i ei høgd på 0,5 m over vegplanet.

§ 11 – INFRASTRUKTURSONESONE

Rekkefølgjekrav infrastruktur (H430):

Som omsynssone, kode H430, er det vist krav om opparbeiding av felles gangveg SGG. Viser elles til § 12 c i føresegnene.

Rekkefølgekrav grøntstruktur (H450):

Som omsynssone, kode H450, er det vist krav om opparbeiding av felles leikeplass BLK. Viser ellers til § 12 b i føresegnene.

§ 12 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (pbl. § 12-7 Nr. 10)

- a. Leikeplass BLK skal vere opparbeidd før bueiningar tilhøyrande leikeplassen vert tekne i bruk/bruksløyve vert gitt. Leikeplassen skal minimum ha sandkasse, benk og eitt leikeapparat.
- b. Gangveg SGG skal ferdigstillast seinast når første bueining i BKS1 og 2 vert teken i bruk/bruksløyve vert gitt.
- c. Før utbygging vert sett i verk skal kommunen godkjenne tekniske anlegg og vedta utbyggingsavtale mellom tiltakshavar og kommunen vedkomande sjølve utbygginga av dei tekniske anlegga. Tekniske anlegg omfattar vegar med gatelys, leidningsnett til vatn, avløp og overvatn samt EL- og teleforsyning.

§ 13 – AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeid straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvar ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.

Reguleringsføresegner godkjend i K-sak xx/xx, den xx/xx/2017

Reguleringsendring godkjent
Herøy kommune, xx/xx/2017

ordfører

rådmann



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2015/1572
		Arkiv:	255

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/18	Formannskapet	09.01.2018
	Kommunestyret	18.01.2018

ROVDEFJORDBRUA: ANMODNING OM TEIKNING AV AKSJAR I SELSKAP

Tilråding:

Herøy kommunestyre kjøper 11 aksjer i Rovdefjordsambandet AS.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 05290 (kjøp mm), ansvar 1221, funksjon 285, prosjekt 12021
kr 55 000,-

Konto 09480 (bruk av ub.kap.fond), ansvar 1221, funksjon 285, prosjekt 12021

Særutskrift:
Rovdefjordsambandet
Økonomi

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Invitasjon_herøy
- 2 vedlegg_rovdefjordsambandet
- 3 brosjyre_rovdefjordbrua
- 4 Invitasjon aksjeteikning Rovdefjordsambandet

Samandrag av saka:

Selskapet har lagt ned eit grundig arbeid for realisering av bruprojekt over Rovdefjorden og er no avhengig av å sikre god framdrift av prosjektet. For sterkare påverknad for framdrift i prosjektet må ein no sikre ei forutsigbar finansiering av selskapet sine aktivitetar/arbeid med reguleringsplan m.m.

Det er svært viktig at ein klarer å få til eit breitt engasjement for prosjektet i regionen og ein håper at noverande aksjonærar kan være med å yte midlar til ein auka aksjekapital i selskapet, eventuelt midlar til reguleringsarbeid.

Saksopplysningar:

Rovdefjordsambandet as har no fått framlagt for Møre og Romsdal fylkeskommune (oversendt MRFK 11.08.2016, oppdatert 04.07.2017 for vidare handsaming):

Planbeskrivelse, Finansierings- og kontantstraumsanalyse og Konseptval med vedlegg.

Selskapet har lagt ned eit grundig arbeid for realisering av bruprojekt over Rovdefjorden og er no avhengig av å sikre god framdrift av prosjektet.

På ekstraordinær generalforsamling 6. juli 2016, sak 7, vart det gjort fylgjande vedtak:

Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til:

a) å auke aksjekapitalen med inntil NOK 2.335.000 ved utferding av inntil 467 nye aksjar pålydande NOK 5.000. Fullmakta kan og omfatte kapitalauke med innskot i andre eigedelar enn pengar.

b) Aksjonærane sin fortrinnsrett etter aksjelova § 10-4 kan fråvikast av styret.

c) Fullmakta gjeld frå registrering i Foretaksregisteret og fram til 30.06.2017.

På generalforsamling 31. mai 2017, sak 12/2017 vart det gjort vedtak om å endre dato for avslutning av emisjon til 31.12.2017.

Rovdefjordsambandet er eit av dei viktigaste samferdselsprosjekta som er under planlegging på Sunnmøre. Sambandet er også viktig i forhold til realisering av Kystvegen Ålesund - Bergen.

For sterkare påverknad for framdrift i prosjektet må vi no sikre ei forutsigbar finansiering av selskapet sine aktivitetar/arbeid med reguleringsplan m.m. Selskapet har gjennom heile prosessen hatt god dialog med samferdselsavdelinga i MRFK

inkludert sentrale politikarar og har stor tiltru til ei politisk handsaming framfor fylkestinget i inneverande år. Det er svært viktig at vi klarer å få til eit breitt engasjement for prosjektet i regionen og håper at noverande aksjonærar kan være med å yte midlar til ein auka aksjekapital i selskapet, eventuelt midlar til reguleringsarbeid.

Vurdering og konklusjon:

Rovdefjordsambandet vil vere eit viktig bindeledd mellom ytre Nordfjord og søre Sunnmøre, og vil danne grunnlag for gunstigare rammevilkår for maritimt og marint næringsliv, transport og for ein meir rasjonell bu- og arbeidsmarknad langs kysten.

Det er av lokal, regional og nasjonal interesse at prosjektet vert realisert.

Kryssinga av Rovdefjorden er i prosjektdokument omtala som meir enn eit samferdselsprosjekt. Det vert framheva at dette er eit pionerprosjekt som vil endre korleis ein kryssar fjordar i Norge og internasjonalt.

Utover å betre infrastrukturen for 62 142 innbyggjarar i Nordfjord og på Sunnmøre, vil prosjektet vise veg for utvikling og testing av ny rørtunnel-teknologi og modernisering av flytebruteknologi.

Herøy kommune har 14 aksjar à kr. 5000,- i Rovdefjordsambandet i dag.

Rådmannen rår til at ein kjøper 11 nye aksjer i Rovdefjordsambandet

Fosnavåg, 24.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Herøy kommune
v/ordfører Camilla Storøy
6099 Fosnavåg

01.09.2017

INVITASJON TIL TEIKNING AV AKSJAR/ARBEIDSKAPITAL - ROVDEFJORDSAMBANDET

Rovdefjordsambandet as har no fått framlagt for Møre og Romsdal fylkeskommune:

Planbeskrivelse, Finansierings- og kontantstraumsanalyse og Konseptval med vedlegg.

Oversendt MRFK 11.08.2016, oppdatert 04.07.2017 for vidare handsaming.

Selskapet har lagt ned eit grundig arbeid for realisering av bruprojekt over Rovdefjorden og er no avhengig av å sikre god framdrift av prosjektet.

På ekstraordinær generalforsamling 6. juli 2016, sak 7, vart det gjort fylgjande vedtak:

Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til:

a) å auke aksjekapitalen med inntil NOK 2.335.000 ved utferding av inntil 467 nye aksjar pålydande NOK 5.000. Fullmakta kan og omfatte kapitalauke med innskot i andre egedelar enn pengar.

b) Aksjonærane sin fortrinnsrett etter aksjelova § 10-4 kan fråvikast av styret.

c) Fullmakta gjeld frå registrering i Foretaksregisteret og fram til 30.06.2017.

På generalforsamling 31. mai 2017, sak 12/2017 vart det gjort vedtak om å endre dato for avslutning av emisjon til 31.12.2017.

Rovdefjordsambandet er eit av dei viktigaste samferdselsprosjekta som er under planlegging på Sunnmøre. Sambandet er også viktig i forhold til realisering av Kystvegen Ålesund - Bergen.

For sterkare påverknad for framdrift i prosjektet må vi no sikre ei forutsigbar finansiering av selskapet sine aktivitetar/arbeid med reguleringsplan m.m. Selskapet har gjennom heile prosessen hatt god dialog med samferdselsavdelinga i MRFK inkludert sentrale politikarar og har stor tiltru til ei politisk handsaming framfor fylkestinget i inneverane år.

Det er svært viktig at vi klarer å få til eit breidt engasjement for prosjektet i regionen og håper at noverande aksjonærar kan være med å yte midlar til ein auka aksjekapital i selskapet, eventuelt midlar til reguleringsarbeid.

Vedl.: Status for Rovdefjordsambandet as pr. 01.08.2017, Info-foldar og Teikningsblankett for Rovdefjordsambandet as, Årsmelding/rekneskap 2016 – Aksjonærliste.



Magne Løvøll
Styreleiar

STATUS ROVDEFJORDSAMBANDET pr. 01.09.2017

Rovdefjorden er ei barriere mellom Søre Sunnmøre (45 000 innbyggjarar) og Nordfjordregionen (32 000 innbyggjarar). Fergene som går mellom Larsnes-Åram (rute 01) og Årvik-Koparnes (rute 02) krysser Rovdefjorden og er premissgjeverar for kommunikasjon mellom regionane. På grunn av høg verdiskaping spesielt på Søre Sunnmøre og folketallet i Nordfjordregionen, er det eit potensiale for ytterlegare vekst med mer effektive transportkanaler.

Kryssing av Rovdefjorden med fast samband har vore utgreia i flere sammenhenger. Dei tilgjengelege konseptane som undersjøisk fjellttunnel, hengebru og flytebru er alle utgreia i perioden frå 1971 fram til i dag.

Dagens situasjon består av ferjestrekket Årvik-Koparnes, rute 02, tilhørende FV61 og rute 01 Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøy som vert drifta som forbindelse primært for øyane i Sande kommune. Dette sambandet krysser Rovdefjorden frå Larsnes til Åram ca 6,5 km nordvest for rute 02.

Det er fleire teknisk moglege løysingar for kryssing av Rovdefjorden. Hengebru og undersjøisk fjellttunnel er det mest nærliggande basert på den erfaring som ein i dag finn i Norge.

Ei hengebru over Rovdefjorden vil kunne få eit hovudspenn på ca 1500m.

Utfordringa for hengebrualternativet er kravet om seglingshøgde på 75m og dei landskapsmessige påverknadane brutårna då vil få. Eit alternativ med undersjøisk fjellttunnel vil bli utfordra av dei nye stigningskrava i tunnellar på 5%. På grunn av fjordens djupte (360 m) og tilhøyrande volum av lausmasser vil ein fjellttunnel difor bli svært lang (opptil 15-18 km).

Dei ulike flytebrukonsepta varierer noko der den største skilnaden går på korleis ein løyser skipspassasjen. Dei tidlegaste forslaga gikk på ulike høgbrualternativ mellom Storeneset og Saudeholmen. Krav til seglingshøgde har auka frå om lag 35m på 1970-tallet til i dag 75m.

Krava til veg-geometri og stigning gjer at kobling mellom høgbru og flytebru aukar i kompleksitet ved stadig høgare seglingshøgder. Påkjøringsrampen til ein høgbru vil ligge omtrent midt i Rovdefjorden ved ei seglingshøgde på 75m. Midtfjords har flytebrua vesentlege bevegelser og den strukturelle koblingen må derfor bli omfattande og kostbar.

For Rovdefjordsambandet er det gjort eit konseptutgreingsarbeid i perioda 2011-2016. Fire ulike løysingar er foreslått. Etter ein prosess med konseptvurderingar, er det kome til at ei flytebru kombinert med ei neddykka rørbru er den økonomisk mest fordelaktige løysinga.

Ei neddykka rørbru er derfor utreda og funne anvendelig for bruk mellom Saudeholmen og Storeneset. Her vil begrensninga ligge på seglingsdjupte og mulige skipsstøt.

Basert på ei total vurdering av alle dei moglege konseptane vil ei neddykka rørbru være det minst usikre for kryssing av Rovdefjorden.

Det ligg no føre ein godkjend kommunedelplan i kommunane Sande og Vanylven for prosjektet der løysinga med flytebru og neddykket rørbru er innarbeidd.

Analysar gjort av dagens ferjetilbod på FV61 viser at tilbodet er tilfredsstillande. Vesentlig trafikkauke på FV61 samt planer om ein kystveg mellom Ålesund og Bergen gir likevel behov for å tenke fast forbindelse og dermed ei lengre ferjefri strekning nord/sør. På lang sikt er dagens løysing kostbar for samfunnet. Ved bygging av fast samband, vil kostnadene endrast frå å være driftskostnader til å bli investeringar og dermed på sikt kunne gje betydelege innsparingar.

Heile prosjektet med bygging av Rovdefjordsambandet er rekna til ei investering på 4253 MNOK inkl. mva (2016 kroner). Med ein bedriftsøkonomisk overordna berekning vil prosjektet være sjølvfinansierande. Konstruksjonane er prosjektert med ei levetid på 100 år og det er vist at prosjektet har positiv overdi etter 24 år.

Med Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) som vegeigar, vil Rovdefjordsambandet AS inneha rolla som utførande. Prosjektet vert finansiert i byggeperioden av Vanylven Utvikling AS (0,7%), Rovdefjordsambandet AS (26,3%), Bompengeselskapet AS (55,1%) og ved merverdiavgiftkompensasjon (17,9%).

Kostnader i driftsfasen (40 år) vil være renter, avdrag samt drift og vedlikehold. Dette vert finansiert med ferjeavløysingsmidler fra Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK). Det er berekna eit strukturert lån med 2,5% rente og avdrag tilpasset inntektene i driftsfasen. Det vert forutsett at MRFK kan sjå ei netto årlig innsparing på minst 28 MNOK (2016 kroner). Det er antatt at netto innsparing vert tilført Rovdefjordsambandet AS uavkorta og indeksregulert i driftsfasen over 40 år. Ferjeavløysingsmidler vil då bidra til ein balansert kontantstrøm frå første driftsår. Om det vert innført rentekompensasjon dei første driftsåra og/eller kortsiktig kassakreditt, vil behovet for ferjeavløysingsmidler kunne reduserast.

Bompengeselskapet AS betjener sine bankforpliktelser og driftsutgifter med inntekt frå bompengeneinnkreving. Bompengesatsen er berekna til 113 NOK/passering (2016 kroner) og bompengeperioden er 25 år.

Det må også presiserast at prognosane for kostnadsutvikling i ferjeamboda er berekna lavare enn det som er realiteten i dag. Det er ikke teke hensyn til nye og potensielt fordyrande miljøkrav til ferjedrifta. Trafikkprognosa etter bruåpning er også estimert lavare enn det ein har sett i prosjekt som Eiksundsambandet og Tresfjordbrua.

Etter at Rovdefjordsambandet er nedbetalt vil MRFK bruke berre 10% av dagens kostnader til drift av sambandet. Dei største og vesentlege innsparingane ved å bygge Rovdefjordsambandet vil difor som venta kome etter at prosjektet er nedbetalt.

TEIKNINGSBLANKETT

ROVDEFJORDSAMBANDET AS

Originalblankett sendast til:

Teikningsperiode: 06. juli 2016 til 31.12.2017

Rovdefjordsambandet as

P.b. 50,

6143 Fiskå

Innbetalingsdato:

Spesifikasjon av teikninga:

Teiknaren sin VPS-konto (12 siffer) :	Teiknaren sitt førenamn:	Teiknaren sitt etternamn/firmanamn:
Gateadresse:	Postnummer:	Poststad:
Fødsels-/føretaksnummer:	Telefon:	Mobil:
Teiknar: _____	Emisjonskurs 100 %	Totalt teikna sum: _____ kr
andelar kvar pålydande kr 5.000		

I samsvar med teikningsinvitasjon av 6. juli 2016 teiknar underteikna seg som angitt ovanfor:

Sign

Konto nr. for innbetaling av påteikna sum: 3910 41 50369

Denne teikningsblanketten er bindande. Underteikna er kjend med vilkåra som er gjort gjeldande for teikninga.

Teikningsstad og dato

Forpliktande underskrift

Teikningsblanketten må vere innkomen innan 31. desember 2017.

Rovdefjordsambandet AS

Org.nr. 996 605 949

ÅRSMELDING FOR 2016

Selskapet sitt føremål og lokalisering

Rovdefjordbrua AS vart stifta i Vanylven 20. januar 2011. Føremålet til selskapet er å arbeide for bygging av fast samband mellom Koparnes/Bjørlykke i Vanylven kommune og Storeneset/Saude Indre i Sande kommune. Selskapet si forretningsadresse er i Vanylven kommune.

I 2015 endra selskapet namn til Rovdefjordsambandet as.

Stilling og drift

Etter 3. gangs høyring vart kommunedelplan for Rovdefjordsambandet vedteke i Sande kommune 26. januar og i Vanylven kommune 2. februar 2016.

I ekstraordinær generalforsamling 6. juli 2016 vart det gjort vedtak om å auke aksjekapitalen med kr. 2.400.000,-. Aksjekapitalen etter emisjonen i selskapet er då på kr. 4.670.000,- fordelt på 934 aksjar à kr. 5000,-

Vidare arbeid med plandokumentet og utarbeidelse av finansiering- og kostnadsberekning vart oversendt til Møre og Romsdal fylkeskommune 11. august 2016 for vidare handsaming. Det vart også lagt fram ei kontanstraumsanalyse som syner at Rovdefjordsambandet er sjølvfinansierende. Det vert utarbeidd ei konseptvurdering for val av tekniske løysingar.

Vanylven Utvikling har også for 2016 påteke seg rolla som administrasjon for selskapet og har gjennom ei eiga prosjektstilling hatt den daglege drift av selskapet. Gjennom handlingsplan for RDA-midler i Vanylven vart det i 2016 avsett 703.876,- i prosjektmidlar til Rovdefjordsambandet.

Det har ikkje inntreffe forhold i 2016 som påverkar selskapet si stilling.

Forskins- og utviklingsaktivitetar

Selskapet har saman med Vanylven Utvikling pågåande forskings- og utviklingsaktivitetar i høve teknologiutvikling innan røyrbru og flytebru-konseptet.

Fortsatt drift

Styret meiner det er rett å legge føresetnaden for vidare drift av selskapet til grunn når årsrekneskapet vert lagt fram.

Ytre miljø


Selskapet forureinar ikkje det ytre miljø

Likestilling

Selskapet har ingen faste tilsette. Styret består av 6 menn og 1 kvinne.


Fiskå, den 10.05.2017


Magne Løvold
Styrelidar


Per Roar Gjerde
Nestleiar


Elfrid Kleven Hønsd
Styremedlem


Knut Erik Engh
Styremedlem


Kenneth Brandal
Styremedlem


Dag Vaagen
Styremedlem


Idar Brekke
Styremedlem

Rovdefjordsambandet AS 2016

	Note	2016	2015
Andre driftsinntekter	5	30 000	0
Sum driftsinntekter		30 000	0
Lønnskostnad	2	93 690	51 892
Annen driftskostnad		238 830	123 617
Driftsresultat		-302 520	-175 509
Annen renteinntekt		430	8 469
Annen rentekostnad		-5 643	0
Ordinært resultat	4	-296 447	-167 040
Årsresultat		-296 447	-167 040
Overført til udekket tap		-296 447	-167 040
Sum disponert		-296 447	-167 040

①

Balanse

Rovdefjordsambandet AS 2016

	Note	2016	2015
Eiendeler			
Omløpsmidler			
Bankinnskudd, kontanter o.l.		2 942 565	826 793
Sum omløpsmidler		2 942 565	826 793
Sum eiendeler		2 942 565	826 793

2

Balanse

Rovdefjordsambandet AS 2016

	Note	2016	2015
Egenkapital og gjeld			
Egenkapital			
Aksjekapital	3	4 670 000	2 270 000
Sum innskutt egenkapital		4 670 000	2 270 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	3	-1 766 028	-1 469 581
Sum opptjent egenkapital		-1 766 028	-1 469 581
Sum egenkapital		2 903 972	800 419
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		28 593	26 374
Annen kortsiktig gjeld		10 000	0
Sum kortsiktig gjeld		38 593	26 374
Sum gjeld		38 593	26 374
Sum egenkapital og gjeld		2 942 565	826 793


Fiskå,
Styret for Rovdefjordsambandet AS



Magne Løvoll
Styreleder



Knut Erik Engh
Styremedlem



Elfrid Kleven Hanstad
Styremedlem



Dag Vaagen
Styremedlem



Per Gjerde
Styremedlem



Kenneth Brandal
Styremedlem



Idar Brække
Styremedlem

3

ROVDEFJORDBRUA AS

Noter til årsregnskapet for 2016

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Gjeld som skal tilbakebetales innen ett år fra etableringstidspunktet er klassifisert som kortsiktig.

Note 2 Lønnskostnader og godtgjørelse til tillitsmenn

	<u>2016</u>	<u>2015</u>
Lønn - styrehonorar	88.000	48.771
Arbeidsgiveravgift	5.690	3.121
	-----	-----
Sum personalkostnader	93.690	51.892
	-----	-----

Selskapet har betalt godtgjørelse til styret med kr. 88.000. Honorar til revisor er kostnadsført med kr. 16.250 inkl. mva., herav kr. 6.844 i konsulenthonorar. Selskapet er ikke pliktig til å ha avtale om obligatorisk tjenstepensjon.

Note 3 Egenkapital

Selskapets aksjekapital består av 934 aksjer à kr. 5000.

Endring i egenkapital:

Egenkapital 01.01	800.419
Innbetalt aksjekapital	2.400.000
Årets resultat	- 296.447

Egenkapital 31.12.	2.903.972

Styret består av Magne Løvoll (styreleder), Dag Vaagen, Knut Erik Engh, Idar Brekke, Per Gjerde, Elfrid Kleven Hanstad og Kenneth Brandal.

<u>Selskapets største aksjeeiere pr. 31.12.</u>	<u>Antall</u>
Vanylven kommune	360
Sparebanken Møre	100
Sande kommune	60
Tussa Kraft AS	50
Møre og Romsdal fylkeskommune	50
Sparebank1 Sunnmøre	40
Kleven Maritime AS	30

De andre aksje-eierne har hver for seg mindre enn 3 % av aksjekapitalen. Alle aksjer har samme rettigheter.

Note 4 Skatter

Selskapet har ikke økonomisk virksomhet som formål, og er dermed ikke skattepliktig for sin virksomhet.

Note 5 Tilskudd

Selskapets driftsinntekter består av et tilskudd.

Aksjeeigarbok Rovdefjordsambandet pr. 06.07.2016

	Ant. Aksjer	Aksjenr.	emisjon 30.06.2016	aksjenr.		
Ålesund kommune	10	1-10			942 953 119	Postboks 1521, 6025 Ålesund
Sande kommune	40	11-50	20	456-474	822 543 422	6084 Larsnes
Herøy kommune	4	51-54	10	475-484	96 49 78840	6099 Fosnavåg
Ørsta kommune	2	55-56			939 461 450	6150 Ørsta
Volda kommune	2	57-58			939760946	Stormyra 2, 6100 Volda
Hareid kommune	2	59-60	4	485-488	964 979 278	Rådhusplassen, 6060 Hareid
Sula kommune	2	61-62			964 980 543	Postboks 280, 6039 Langevåg
Selje kommune	10	63-72	2	489-490	970 541 705	6740 Selje
Vanylven kommune	60	73-132	300	491-790	964 978 662	Rådhuset, 6143 Fiskå
Ulstein kommune	10	133-142	10	791-800	964 979 456	Sjøgata 63, 6065 Ulsteinvik
Vågsøy kommune	10	143-152	5	801-805	942 952 880	Postboks 294, 6701 Måløy
Møre og Romsdal fylkeskommune	50	153-202			944 183 779	Fylkeshuset, 6412 Molde
Bremanger kommune	10	203-212	5	806-810	959 318 166	Postboks 104, 6721 Svelgen
Flora kommune	2	213-214	2	811-812	935 473 578	Postboks 13, 6901 Florø
Sparebanken Møre	100	215-314			937 899 319	PB. 121, 6001 Ålesund
Brimer Kvamsøy AS	2	315-316			950 164 751	6087 Kvamsøy
Båtbygg AS	2	317-318			965 651 381	6710 Raudeberg
Helgøy gartneri AS	1	319	1	813	964 144 257	Nordstranda, 6143 Fiskå
Kvalsvik ambulanse AS	6	320-325			992 102 969	Myrane, 6143 Fiskå
Synste Møre AS	10	326-335			858 651 522	6139 Fiskå
Nystøl og Fagerhol AS	2	336-337	4	814-817	981 463 579	6143 Fiskå
A.M. Vik AS	2	338-339	2	816-819	977 458 412	6140 Syvde
Tussa kraft AS	50	340-389			916 929 641	Langemyra 6, 6150 Ørsta
Kleven Maritime AS	10	390-399	20	820-839	981 508 734	6065 Ulsteinvik
Sparebank 1 Sunnmøre	20	400-419	20	840-859	991 870 652	Postboks 55, 6101 Volda
Roar Oseberg	1	420			17024845184	6140 Syvde
Hofseth International AS	4	421-424	4	860-863	993 163 880	Moloveien 6, 6004 Ålesund
Rolandsen Bilverksted AS	1	425			991 232 532	6143 Fiskå
Tor Inge Nygård	1	426			17025843959	Boks 18, 6139 Fiskå
Oddvar Strand AS	1	427			988 665 312	Takset, 6142 Eidså
Økonomiconsult AS	2	428-429	2	864-865	967 454 729	6140 Syvde
Sande Rekneskapskontor AS	1	430			837 341 922	Postboks 83, 6085 Larsnes
Kjell Arne Kvalsvik	1	431			11095944355	6143 Fiskå
Magne Løvoll	1	432	1	866	23034040346	Bjørlykke, 6142 Eidså
Reidar Vik	5	433-437			25052245780	6140 Syvde
Liv Sundgot Johannsen	2	438-439			19125540875	Holsekvern. 38, 6065 Ulsteinvik
Asbjørn Brekke	1	440			18065143921	Brekke, 6140 Syvde
Herborg Kolgrov	1	441			25092845403	6142 Eidså
Ottar Jan Løvoll	1	442			29115146724	6142 Eidså
Per Steinar Kjørstad	1	443			01125046335	6142 Eidså
Magne Selvik	1	444			04014142113	Vårdal, 6982 Holmedal
Jostein Holsvik	1	445			7024946341	Bjårdalen, 6140 Syvde
Kjell Arne Kvalsvik	1	446			11095944355	6143 Fiskå
Knut Øvreberg	1	447			4114645384	6146 Åheim
Mathias Vedlog	1	448			16073648525	Ytre Oseberg, 6140 Syvde
Oddfrid Øvreberg	1	449			11085144237	6146 Åheim
Jorid Kolgrov	1	450			19085327030	6142 Eidså
Anders-Svein Eidsaa	1	451			04084546300	6142 Eidså
Torbjørn Sivertstøl	1	452			12115745598	6143 Fiskå
Atle Magne Brudevik	2	453-454			01115646350	6143 Fiskå
	454					
Holvik Invest as			1	867	961 737 192	6750 Stadlandet
Blomsterkjellaren Syvde			10	868-877	981 564 294	6140 Syvde
TrioWeb			4	878-881	895 239 112	6146 Åheim
Larsnes Mek. Verksted			5	882-886	929 565 495	6084 Larsnes
Uistein Betongindustri as			20	887-906	917 953 406	6050 Ulsteinvik
Proton elektro as			1	907	894 974 192	6143 Fiskå
Nordal Bygg as			1	908	980 404 161	6140 Syvde
Eld as			1	909	994 386 506	6143 Fiskå
A. O. Kragseth Eftf.			1	910	954 354 474	6149 Åram
Hakallegarden as			2	911-912	989 214 381	6149 Åram
Løvold Transport as			1	913	996 528 243	6143 Fiskå
MJ Byggservice as			1	914	996 641 333	6143 Fiskå
Strand Stillas as			1	915	989 553 062	6143 Fiskå

Ole Arne Marholm	1	916	16045643968	6142 Eidså
Eikrem Maskin as	1	917	965 264 957	6140 Syvde
Vanylven Kiropraktorklinikk	1	918	991 531 599	6140 Syvde
Combimat as	4	919-922	952 528 076	6143 Fiskå
Christian Baade	1	923	15106643935	6087 Sandshamn
Arne Wiik	2	924-925	25023745561	6140 Syvde
Olav Myklebust	1	926	15036930133	6082 Gursken
Idar Brekke	2	927-928	14084843963	6144 Sylte
Leon Stranden	1	929	09116629574	6140 Syvde
Lena Landsverk Sande	1	930	20086936292	6146 Åheim
Henry Jøsokkbakke	1	931	02014641346	6080 Gurskøy
Lisa Molvik	1	932	22077445807	6149 Åram
Bjarne Sætrenes	1	933	30016448393	6146 Åheim
Aage-Gudleik Sjørdal	1	934	6064844936	6140 Syvde
	480			



Rovdefjordsambandet

- nøkkelen til Vestkappregionen



ROVDEFJORDSAMBANDET

ROVDEFJORDSAMBANDET

Rovdefjordsambandet AS har som formål å arbeide for bygging av fastsamband mellom Koparnes/Bjørlykke i Vanylven kommune og Skredestranda i Sande kommune.

STYRET (pr 01.07.2015)

Magne Bjarne Løvoll (styreleiar)

Per Roar Gjerde (nestleiar)

Dag Vaagen

Knut-Erik Engh

Elfrid Kleven Hanstad

Kenneth Brandal

Idar Brekke

Olav Myklebust (vara)

Kristin Maurstad (vara)

SELSKAPET

stifta 20.01.2011

aksjekapital 2 270 000

driftskapital 500 000

AKSJONÆRAR (pr 01.07.2015)

Sparebanken Møre	100	22,0 %
------------------	-----	--------

Vanylven kommune	60	13,2 %
------------------	----	--------

Møre og Romsdal fylke	50	11,0 %
-----------------------	----	--------

Tussa Kraft AS	50	11,0 %
----------------	----	--------

Sande kommune	40	8,8 %
---------------	----	-------

Sparebank1Sunnmøre	20	4,4 %
--------------------	----	-------

Ålesund kommune	10	2,2 %
-----------------	----	-------

Selje kommune	10	2,2 %
---------------	----	-------

Ulstein kommune	10	2,2 %
-----------------	----	-------

Vågsøy kommune	10	2,2 %
----------------	----	-------

Bremanger kommune	10	2,2 %
-------------------	----	-------

Synste Møre	10	2,2 %
-------------	----	-------

Kleven Maritime	10	2,2 %
-----------------	----	-------





Tanken om bru over Rovdefjorden vart lansert fleire tiår attende i tid.


BAKGRUNN

Første seriøse forsøk på å få dette nærare utgreidd fann stad då Jon Sætrenes tok opp tanken kring 1980. Prosjektet består av 2 hovuddeler; fjordkryssinga samt innkorting av Fv 61. Primært ser ein prosjektet realisert som eitt anlegg, men inndeling i 2 byggjesteg er fullt mogleg ettersom dei kvar for seg "står støtt på eigne bein".

MÅL

Rovdefjordsambandet er eit viktig bindeledd mellom ytre Nordfjord og søre Sunnmøre, og vil skape gunstigare rammevilkår for maritimt og marint næringsliv, transport og for ein meir rasjonell bu- og arbeidsmarknad langs kysten.

Det er av lokal, regional og nasjonal interesse at prosjektet vert realisert raskt - kryssninga av Rovdefjorden er meir enn eit samferdselsprosjekt. Det er eit pionerprosjekt som vil endre korleis ein kryssar fjordar i Norge og internasjonalt. Utover å betre infrastrukturen for 62 142 innbyggjarar i Nordfjord og på Sunnmøre, vil prosjektet vise veg for utvikling og testing av ny rørtunnel-teknologi og modernisering av flytebruteknologi.



Pionerprosjekt på Sunnmøre: verdas første røyr tunnel

Forprosjektet på løysinga for verdas fyrste kombinerte røyr tunnel, som har sjø rundt seg på alle kantar, og flytebru, var ferdigstilt juli 2014. Bak prosjektet står Vanylven Utvikling AS, ingeniør- og entreprenørverksemda Reinertsen AS, Dr. techn Olav Olsen, Snøhetta og SINTEF.

Røyr tunnel har vore utreda fleire stadar, men er aldri bygd. Slike løysingar kan vise seg å bli framtidias løysingar også for å krysse dei breidaste og mest kompliserte fjordane i Noreg og i utlandet. Fjordkryssinga på Sunnmøre er spesielt eigna som pionerprosjekt fordi lengden på røyret berre vert 230 meter.

Ei slik fjordkryssing vil binde saman den maritime klynga på Sunnmøre med dei ytre delane av Sogn og Fjordane og ytterligere medverke til å auke mobiliteten i ein blømande arbeidsmarknad, men også for Kystvegen Ålesund-Bergen.

Løysinga er totalt sett 3 500 meter lang. Konstruksjonen består både av tunnel i fjell, flytebru og sokalla "neddykka røyrbru" – eller røyr tunnel. Seglingsdjupta over røyr tunnelen blir 14 meter – noko som vil tillate alle skip utanom dei aller største supertankarane og oljeriggane å gå over. Løysninga er planlagt med gang og sykkelsti.

Rovdefjord-kryssinga vil bli eit pilotprosjekt når den står ferdig. Prosjektgruppa som har jobba med dette har også erfaring frå tilsvarande freistnader på kryssing av Sognefjorden, Høgsfjord og Sulafjorden.

"Sammenlikna med disse kryssingane framstår Rovdefjord-prosjektet med røyrbru (røyr tunnel) som enklare. Prosjektet har likevel svært stor verdi som teknologikvalifiseringsprosjekt for neddykka røyrbru," skriv Reinertsen AS i sin ekspertrapport.

Dersom ein tek vegstrekinga Kristiansand – Trondheim langs E 39 er der til saman 8 svært utfordrande fjordkryssingar. Skal løftet om fergefri E39 verte realisert må det truleg utviklast billigare og mindre visuelt skjemmaende løysingar for disse kryssingane.

Løysinga er i aller høgste grad konkurransedyktig med tradisjonelle løysingar.

*Skal ein kunne bygge betre og smartare vegar må ny vegbyggingsteknologi utviklast.
Med Rovdefjordsambandet vert ny teknologi realisert.*

VESTKAPPREGIONEN

Hafast i nord og Kystvegen Måløy - Florø i sør vert inngongsportalane til Vestkappregionen, ein maritim og marint sterk region med 70 000 innbyggjarar. Med Rovdefjordsambandet og Stad Skipstunnel i hjarte av dette området er det freistande å benevne regionen som eit samferdselslaboratorium - der utbygging av infrastruktur vil kunne utvikle korleis ressursane langs kysten vil kunne nyttast.

NATURGJEVNE FORHOLD TIL KJENTE OG TEKNOLOGIUTVIKLANDE LØYSINGAR

Dei naturgjevne forholda på staden ligg godt til rette for kryssing med bru. Lavbru over Bjørlykkeskjæra, vidare flytebru til Saudeholmen og ei neddykka rørbru herfrå over til Gurskøya. Sjølve Saudeholmen si naturgjevne utforming gjer dette strekket optimalt til å kunne teste ut teknologien som krevjast for å kunne krysse ein fjord med rørbru. Den er oppbygd som eit platå, og med eit strekk frå holmen og til "land" på vel 235 m gjer dette til eit byggeprosjekt som vil kunne gje kartleggingar og berekningsgrunnlag for ytterlegare utvikling - der rørbrua vert forankra i flytebru eller vert bygd over lengre strekk





MILEPÆLAR

jan 2011	Rovdefjordbrua AS vert stifta.	mai 2014	Vanylven Utvikling AS set i gong forprosjekt for kryssning ved flytande rørbru som alternativ til høgbru. Prosjektet er eit samarbeid mellom Reinertsen AS, Dr. Tech Olav Olsen, Snøhetta og SINTEF.
okt 2011	Vanylven og Sande kommune gjer positivt vedtak i prinsipp søknad om bompeng-finansiering av Rovdefjordbru-sambandet.	juli 2014	Forprosjektet for kryssning med rørbru vert lagt fram som eit potensielt pilotprosjekt for vegbygging.
mai 2012	Rovdefjordbrua vert nemnt i regional transportplan etter samrøystes vedtak i samferdselsutvalet i Møre og Romsdal	mars 2015	Kommunedelplan vert lagt ut for 2. gongs høyring.
sept 2012	Likelydande støtteerklæring frå Bremanger, Vågsøy, Selje, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid kommunar, samt MAFOSS: <i>“... ser på Rovdefjord-bru-sambandet som eit viktig bindeledd mellom ytre Nordfjord og søre Sunnmøre. Rovdefjordbru-sambandet er vitkig for å skape gunstigare rammevilkår for maritim- og marint næringsliv, transport og for ein meir rasjonell bu- og arbeidsmarknad langs kysten.”</i>	juni 2015	Selskapet endrar namn til Rovdefjord-sambandet AS
mai 2013	Planprogrammet vert vedteke i begge kommunane.	jan 2016	Godkjenndt kommunedelplan i begge kommunane
aug 2013	Arbeid med kommunedelplan vert starta	aug 2016	Planbeskrivelse, Finansierings- og kontantstrømsanalyse og Konseptval med vedlegg oversent MRFK.
april 2014	Kommunedelplan vert lagt ut på 1. gongshøyring		Igongsetjing av reguleringsplan.
			Gjennomslag for Rovdefjordsambandet som teknologiutviklande prosjekt som vil endre føresetnadane for korleis framtidige fjordkryssningar vert løyste - pilotprosjektet

ROVDEFJORDSAMBANDET



I SAMARBEID MED:



Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 09.10.2017 10:51:13
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Invitasjon aksjeteikning Rovdefjordsambandet

Fra: Tor Inge Nygård [<mailto:toringe@vanylvenutvikling.no>]
Sendt: 9. oktober 2017 08:57
Til: postmottak
Kopi: Camilla Storøy
Emne: Invitasjon aksjeteikning Rovdefjordsambandet

INVITASJON AKSJETEIKNING ROVDEFJORDSAMBANDET

I forbindelse med utviding av aksjekapitalen i Rovdefjordsambandet as sender vi vedl. invitasjon til emisjon i selskapet.

Rovdefjordsambandet as er også interessert i å få møte kommunestyret for ein presentasjon av prosjektet. Vi har avtalt med fung. ordfører Camilla Storøy om å få stille på kommunestyremøte torsdag 26. oktober.

Vennligst bekreft mottak av denne eposten.

Mvh.

Tor Inge Nygård

Dagleg leiar, Vanylven Utvikling AS
Sekreteriat for Rovdefjordsambandet as
tlf.: 700 20 881/ mob.: 95470452





HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr:	2017/1581
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/18	Formannskapet	09.01.2018

**SØKNAD OM ØKONOMISK BIDRAG TIL KRONERULLING FOR "AKSJON
GODSTOL" VED VOLDA SJUKEHUS**

Tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Særutskrift:

Økonomileiar

Vedlegg: Søknad til Herøy kommune om økonomisk bidrag til kronerullinga for «aksjon godstol» ved Volda sjukehus.

Saksopplysningar:

Ein aksjonskomitè ved Volda sjukehus har satt i gang ei kronerulling for å få nye gode stolar ved Volda sjukehus. Komiteen har sendt brev til Herøy kommune ved ordførar, og ber om ei pengegåve til dette prosjektet med kroner 7.500,-

Rådmannen legg søknaden fram for formannskapet, til politisk handsaming.

Vurdering og konklusjon:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Fosnavåg, 06.12.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef helse og omsorg

Sakshandsamar: Renathe Rossi-Kaldhol

Sonja komiteen v/Volda Sjukehus
Helse Møre og Romsdal HF
Kløvertunvege 1
6100 VOLDA

HERØY KOMMUNE
v/fungerande ordførar Camilla Storøy
Postboks 274
6090 FOSNAVÅG

Volda, 21.11.17

SØKNAD OM ØKONOMISK BIDRAG TIL KRONERULLINGA FOR «AKSJON GODSTOL» VED VOLDA SJUKEHUS.

Sonja komiteen starta kronerulling for nye god stolar ved Volda Sjukehus i mars 2017. Komiteen er sett saman av representantar frå dei ulike avdelingane på sjukehuset.

Vi som sit i komiteen vil gjerne vidareføre det flotte arbeidet som Sonja Hovden Vidnes gjorde for Volda sjukehus.

I mange år har vi fordelt av midlane ho samla inn, der kriteriet for utdeling skal vere at det som vert kjøpt, skal vere til glede og nytte for pasient og pårørande. Det har vorte kjøpt inn Tv-ar på alle rom, radioar, nettbrett, leiker, bøker, møblar til bruk på pårøranderommet (for pårørande), lampar, bilete, pynt til påske, advent og jul, fot gynger, traller, internett-tilgang for å nemne noko.

Og ikkje minst CT-skannar til røntgenavdelinga for utredning av pasientar.

«Aksjon Godstol» starta ein opp fordi vi ser dei gamle stolane er utsletne og dårlege. Både pasientar og pårørande påpeikar dette til stadigheit. Pasientane treng å få sitte godt. Difor må stolane vere komfortable og praktisk i bruk. No ynskjer vi at alle avdelingane skal få nye «God stolar» på pasientromma.

Det starta med ein øydelagt toalettstol, då Sonja sjølv låg på sjukehuset etter ei trafikkulykke på 70-tallet. Det første ho gjorde når ho kom heim var å koke ei diger panne med brennsnø. Denne selde ho til store og små som kom på folkebadet i Hovdebygda. Seinare vart det mange arrangement med matsal og uendeleg mange timar med loddsal. Sonja var ei drivkraft og ho var ei dame det ikkje var mogeleg å seie nei til.

Sonja Hovden Vidnes – var dama som samla inn over ein million til Volda sjukehus i si tid og ho fikk Sunnmørsposten sin Heiderspris 1999. Med ein raud koffert reiste ho rundt i dekningsområdet til Volda sjukehus i 30 år, kvar fredag og laurdag, og kanskje ein dag til i veka, frå tidleg vår til seint på haust. Ho heldt julekakefest med loddsal i vestibylen på «nye» sjukehuset saman med gode medhjelparar i adventstida i fleire år. Dei opprinnelege «øydelagt toalettstolpengane», går til trivseltiltak for pasientar og pårørande på sjukehuset.


Sonja komiteen ynskjer å få fortsette dette viktige arbeidet, og vi er difor så frimodige at vi no sender ein førespurnad til Herøy kommune om de vil vere med å bidra med ei pengegåve til dette prosjektet! Ein «godstol» har ein prislapp på ca. k 7 500,- pr. stk.

Kontonummer er: 3991 09 57590 – Merk: Prosjekt Godstol, Sonja komiteen

Med venleg helsing,
Sonja komiteen ved Volda sjukehus



Johanne Hege Ryste



Gerd Helen Moe Masdal



Nedvig Tone Høydalsvik



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/715
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/18	Formannskapet	09.01.2018

BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018-2021. OPPFYLGING AV VEDTAK.

Tilråding:

Formannskapet ynskjer ein gjennomgang av sektorbudsjetta i møte den ...

I møtet ynskjer formannskapet framlagt:

- ...
- ...
- ...

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Økonomisjef

Saksopplysningar:

I K-sak 165/17 Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 vart det gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret ber om at det vert gjort ein gjennomgang i alle sektorane innan 31.03.2018 med sikte på å finne tiltak som kan redusere driftskostnadene med 10 mill kr på årsbasis. Tiltaka skal vere realistiske og gjennomførbare. Dette er tiltak som skal kome i tillegg til rammereduksjonane for sektorane.»

Eg har fått signal om at formannskapet ynskjer ein gjennomgang av sektorbudsjetta med rådmann, økonomisjef og kommunalsjefane for dei ulike sektorane. Eg ber formannskapet avklare når denne gjennomgangen skal skje og kva for grunnlagsmateriale som skal leggst fram i møtet.

Fosnavåg, 19.12.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/1546
		Arkiv:	030

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/18	Arbeidsmiljøutvalet	05.01.2018
9/18	Formannskapet	09.01.2018
	Kommunestyret	18.01.2018

SERVICEPLAKAT

Tilråding:

Kommunestyret godkjenner Serviceplakaten slik han ligg føre.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Hovudtillitsvalde

Vedlegg:

- Serviceplakat

Samandrag av saka:

Det er utarbeidd ein serviceplakat for kommunen. Plakaten skal vere ei viktig påminning for kommunalt tilsette om kva som vert forventa av dei.

Saksopplysningar:

I samband med evalueringa etter Kommunekompasset vart det peika på som ei svak side ved kommunen sin forvaltningspraksis at kommunen ikkje har utarbeidd serviceerklæring som verktøy for servicefokus i heile organisasjonen.

Kommunen gjennomførde ei innbyggjarundersøking i 2017. På spørsmål om «Møte med din kommune» scorar kommunen 0,1 under snittet. Innanfor fleire område ligg ein litt over snitt og for andre ligg ein litt under, innanfor ein variasjon på +/- 0,1. For området informasjon frå kommunen, ligg ein under snitt med 0,2 utan at dette er spesifisert noko meir.

På spørsmål om tillit til kommunen ligg ein også 0,1 under landsgjennomsnittet. Spesielt dårleg kjem ein ut på spørsmål om kommunen handsamar like saker likt (-0,2) og om kommunen følgjer lover og reglar (-0,3).

I dei frie kommentarane i undersøkinga vert det m.a. peika at enkelte innbyggjarar opplever arroganse og mangel på respekt i møte med kommunen, andre kommenterer at tilsette er lite tilgjengelege.

I K-sak 92/17 Innbyggjarundersøking 2017 vart det gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret er glad for at innbyggjarane i kommunen er meir fornøgde med tenestene enn landsgjennomsnittet. Her er likevel potensial for vidare utvikling.

Kommunestyret er ikkje tilfreds med resultata for områda transport og tilgjenge (3,1), møte med kommunen (3,7) og tillit (3,8). I det vidare arbeidet med organisasjonsutvikling må service og tiltak for å bygge tillit vere sentrale tema.»

Dette er bakgrunnen for at rådmannen har teke initiativ til å utarbeide ein serviceplakat. Serviceplakaten er drøfta med dei tillitsvalde og leiargruppene i dei ulike sektorane.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen er til for innbyggjarane. Det er difor heilt sentralt at kommunen er imøtekomande, tilgjengeleg og møter alle med interesse og respekt. Det skal også vere sjølv sagt at kommunen følgjer lover og reglar og handsamar like saker likt.

Serviceplakaten skal vere ei dagleg påminning for alle tilsette kva som vert forventa av dei. Serviceplakaten skal difor vere godt kjend i heile organisasjonen. Dette er eit leiaransvar.

Fosnavåg, 11.12.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

SERVICEPLAKAT

Serviceplakaten skal vere ei påminning om korleis eg samhandlar med dei ulike personane eg møter og har kontakt med i løpet av ein arbeidsdag.

Eg:

- er imøtekomande, tilgjengeleg og møter alle med interesse og respekt.
- nyttar eit klart og godt språk.
- er tydeleg på kva eg kan hjelpe med, og gir tilbakemelding om dette.
- held det eg lovar, held fristar og opplyser om klagerettar.
- sørgjer for at alle dokument vert handsama og journalførte i samsvar med lovverket.
- overheld teieplikta og handsamar like saker likt (ikkje usakleg forskjellshandsaming).



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2015/173
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
10/18	Formannskapet	09.01.2018

MARTIN LEINEBØ - REVIDERT SØKNAD OM KAI, LEINE HAMN YTRE

Tilråding:

1. M/S Ventura v/Martin Leinebø får utvida reservasjon på næringstomt med inntil 2 år og får utvida kaiareal frå 15 meter til 25 meter som vist i saksutgreiinga.
2. Reservasjonen gjeld i to år rekna frå dato for Formannskapetets handsaming av saka og på dei vilkår som gjeld for tildeling av næringstomter
3. Ordførar får fullmakt til å gjennomføre sal av tomta.

Særutskrift:
Martin Andre Leinebø- MS Ventura

Kystverket

Vedlegg:**Vedlegg**

- 1 F-sak 72/16 MS Ventura - Reservasjon av næringstomt i område SP1 på Leine fiskerihamn
- 2 Søknad om reservasjon og korrespondanse
- 3 Kart med tomteplassering
- 4 Re: Kjøp av strandareal til kai på Leine hamn- stadfesting
- 5 Uttalelse - Oversending for vurdering - Kai og næringstomt på Leine - Ytre hamn - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke

Samandrag av saka:

Martin Andre Leinebø- MS Ventura har tidlegare fått innvilga kjøp av strandareal til kai på Leine hamn og reservasjon på tomt. I revidert søknad søker ein om å auke lengda på tomta frå 15 til 25 meter mot Rognekaia. Grunngevnaden er å stå friare til ei framtidig utviding av båt og eigedom.

Saksopplysningar:

Formannskapet handsama saka i møte 19.04.16 og gjorde slikt vedtak:

1. M/S Ventura v/Martin Leinebø får reservert næringstomt og kaiareal som vist på vedlagt kartutsnitt innanfor området «SP1» og «Kai» på Leine fiskerihamn.
2. Reservasjonen gjeld i eitt år rekna frå dato for Formannskapetets handsaming av saka og på dei vilkår som gjeld for tildeling av næringstomter
3. Ordførar får fullmakt til å gjennomføre sal av tomta ved utløp av reservasjonstida.
4. Tidlegare reservasjon av næringstomt i indre del av hamna fell bort

M/S Ventura v/Martin Andre Leinebø har søkt om utsetjing av reservasjonsfrist for næringstomt med 2 år og auke lengda på kaitomta frå 15 til 25 meter. Utviding vil vere i retning mot Rognekaia. Søkjar sin grunngevnad er å stå friare til ei evt. utviding av båt og eigedom.

Saka har vore sendt til kystverket for uttale:

Tiltaket blir av Kystverket vurdert opp mot formålet i Havne- og farvannsloven.

Så langt vi kan se er det omsøkte tiltak ikke til vesentlig hinder for generell ferdsel i området. Ut i fra ferdselsmessige hensyn har vi ikke merknader til omsøkte tiltak.

Kystverket har vurdert søknaden opp mot formålet i havne- og farvannsloven og har så langt ikkje vesentlige merknader til tiltaket.

Vurdering og konklusjon:



Utsnittet viser 25 breidde på «kaitomta»

Rådmannen rår til at søknaden vert imøtekomen med utviding av reservasjonsfrist for næringstomt med 2 år og auke lengda på kaitomta frå 15 til 25 meter.

Fosnavåg, 24.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



M/S Ventura v/Martin Leinebø

Saksnr
2015/173

Arkiv
611

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
DOK / HS

Dato
22.04.2016

**F-SAK 72/16 MS VENTURA - RESERVASJON AV NÆRINGSTOMT I OMRÅDE
SP1 PÅ LEINE FISKERIHAMN**

Vedlagt følger F-sak 72/16.

Formannskapet handsama saka i møte 19.04.16 og gjorde slikt vedtak:

1. *M/S Ventura v/Martin Leinebø får reservert næringstomt og kaiareal som vist på vedlagt kartutsnitt innanfor området «SP1» og «Kai» på Leine fiskerihamn.*
2. *Reservasjonen gjeld i eitt år rekna frå dato for Formannskapets handsaming av saka og på dei vilkår som gjeld for tildeling av næringstomter*
3. *Ordførar får fullmakt til å gjennomføre sal av tomta ved utløp av reservasjonstida.*
4. *Tidlegare reservasjon av næringstomt i indre del av hamna fell bort*

Hilde Bringsvor Skinnnes
e.f.

Kopi:

Kystverket Midt-Norge Postboks 1502 6025 Ålesund



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2015/173
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
72/16	Formannskapet	19.04.2016

MS VENTURA - RESERVASJON AV NÆRINGSTOMT I OMRÅDE SP1 PÅ LEINE FISKERIHAMN

Tilråding:

1. M/S Ventura v/Martin Leinebø får reservert næringstomt og kaiareal som vist på vedlagt kartutsnitt innanfor området «SP1» og «Kai» på Leine fiskerihamn.
2. Reservasjonen gjeld i eitt år rekna frå dato for Formannskapetets handsaming av saka og på dei vilkår som gjeld for tildeling av næringstomter
3. Ordførar får fullmakt til å gjennomføre sal av tomta ved utløp av reservasjonstida.
4. Tidlegare reservasjon av næringstomt i indre del av hamna fell bort

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

1. M/S Ventura v/Martin Leinebø får reservert næringstomt og kaiareal som vist på vedlagt kartutsnitt innanfor området «SP1» og «Kai» på Leine fiskerihamn.
2. Reservasjonen gjeld i eitt år rekna frå dato for Formannskapetets handsaming av saka og på dei vilkår som gjeld for tildeling av næringstomter
3. Ordførar får fullmakt til å gjennomføre sal av tomte ved utløp av reservasjonstida.
4. Tidlegare reservasjon av næringstomt i indre del av hamna fell bort

Særutskrift:

M/S Ventura v/ Martin Leinebø
Kystverket Region Midt
Utviklingsavdelinga

mleinebo@gmail.com
post@kystverket.no
Her

Vedlegg:

1. Søknad om reservasjon og korrespondanse, datert 05.04.2016
2. Kartutsnitt med plassering og avgrensing av tomt, datert 03.03.2016

Saksopplysninger:

Saka gjeld reservasjon av næringstomt innanfor området SP1 i Leine fiskerihamn.

M/S Ventura v/ Martin Andre Leinebø har søkt om å få reservere tomt som avmerka på vedlagt kartutsnitt innanfor området SP1 i Leinevika. Tomta har ein storleik på 762 m² og gir moglegheiter for søkjar å føre opp eit sjøhus på 20 m x 10 m. Søkjar får også reservere regulert kaiareal i ei lengde på 15 meter innanfor regulert kaiområde, slik dette går fram av vedlagt kartutsnitt.

Søkjar har opplyst at dei ynskjer å nytte tomten til sin fiskeriverksemd og for å kunne føre opp eit sjøhus for lagring av utstyr knytta til fiskeri.

Vurdering og konklusjon:

Søkjar sin bruk av tomten er vurdert til å vere i tråd med gjeldande reguleringsplan som opnar opp for fiskeriretta næringsverksemd.

Næringstomten er per dato taksert til 330 kr/m² og kaiarealet har ein pris på kr 3.300 kr/m jfr. verditaksering utført i 2015. I tillegg til kjøpesum kjem omkostningar ved sal som må dekkjast av kjøpar. Herøy kommune har pr i dag ingen andre interessentar til kjøp av tomt eller kaiområde. Tomten må frådelast før den kan seljast. Utover dette er tomten byggeklar infrastruktur i vest og langs hamnevegen. Kjøpar må sjølv opparbeide tomten før vidare byggeaktivitet.

M/S Ventura har tidlegare hatt reservasjon av ei næringstomt på indre del av hamna på Leinane, eit areal som kommunen eig på moloen vest for Westplast sin eigedom. M/S Ventura har i e-post av 09.03.2016, blitt gjort kjend med at dei ved å reservere tomt i ytre del, må seie frå seg reservasjonen i indre del av hamna. Kommunen vil tildele tomten i indre del av hamna til ein annan aktør som ynskjer å drive næringsverksemd.

Rådmannen rår til at MS Ventura får reservert tomten i eitt år og at tidlegare reservasjon i indre del av hamna blir oppheva.

Fosnavåg, 05.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

Aleksander Zahl Tarberg

Fra: Martin Andre Leinebø <mleinebo@gmail.com>
Sendt: 4. april 2016 20:18
Til: Aleksander Zahl Tarberg
Emne: Re: SV: MS Ventura - Næringstomt på Leine hamn

Hei
Etter samtale med Jarl Martin Møller før påske så avtalte vi at eg skulle tenke på denne tomta til etter påske.

Vi har funnet ut at vi vill reservere denne tomta i ett år som du foreslo i mail 9 mars.
Tomta blir da som siste tegning som du la fram.

mvh Martin Leinebø

2016-03-09 20:52 GMT+01:00 Aleksander Zahl Tarberg <aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no>:
Hei Martin.

Har du tenkt noko meir på tilbod om tomt som vi sendte deg 3.mars? Du kan, utan økonomiske forpliktingar, reservere tomta inntil 1 år. Dersom du ønskjer det, må vi få ei tilbakemelding frå deg og legge fram ei sak i formannskapet.

Vi føreset at dersom Ventura skal ha tomta på ytre hamn, så seier dykk frå dykk reservasjonen på indre hamn(ved moloen) og at kommunen då kan tildele denne tomta til IF Elektro v/Idar Frøystad.

Mvh

Aleksander Tarberg
Planleggar
Herøy kommune

Fra: Aleksander Zahl Tarberg
Sendt: 3. mars 2016 11:42
Til: Martin Andre Leinebø
Kopi: Jarl Martin Møller; Arkiv Herøy
Emne: SV: SV: MS Ventura - Næringstomt på Leine hamn

Sender over revidert skisse for tomt til MS Ventura AS på Leine hamn. Etter telefonsamtalar med deg og drøftingar med utviklingsleiar, er tomta redusert til ein storleik på 762 m2, der det er teikna inn plassering av eit bygg (sjøhus) på 20x10 m for lagring av utstyr. Tilkomst og parkering i framkant av bygget. Prisen for m2 næringstomt er på 330 m2.

Når det gjeld kaia har den no ei redusert lengde til ca 15 m. Pris pr løpemeter kai 1x10 meter = kr 3.300 kr/m.

Vi ber om ei snarleg tilbakemelding på om dykk ynskjer eit kjøp av tomt og kai slik dette er skissert. Når vi har fått tilbakemelding frå dykk vil vi starte på ei sak til formannskapet der vi tilrår at dykk får kjøpe arealet.

Helsing

ALEKSANDER ZAHL TARBERG

Planleggar

7008 1300/ 7008 1368

www.heroy.kommune.no

Fra: Martin Andre Leinebø [mailto:mleinebo@gmail.com]

Sendt: 2. mars 2016 17:38

Til: Aleksander Zahl Tarberg

Emne: Re: SV: MS Ventura - Næringstomt på Leine hamn

Hei.

Er fortsatt interessert slik som eg søkte om.

Men var i kontakt med dokke pr tlf om det brevet I februar I fjor å sa at samarbeid med Rogne er uaktuelt.

Mvh Martin Leinebø

2. mar. 2016 15.00 skrev "Aleksander Zahl Tarberg"

<aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no<mailto:aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no>>:

Vi kan ikkje sjå å ha motteke svar frå deg i høve vedlagt brev som vi sende deg 05.02.2015.

Med tilvising til brevet er det no viktig at vi får ei tilbakemelding på kvar i hamna du ynskjer å etablere deg?

Helsing

ALEKSANDER ZAHL TARBERG

Planleggar

7008 1300/ 7008 1368

www.heroy.kommune.no<<http://www.heroy.kommune.no>>

Fra: Martin Andre Leinebø [mailto:mleinebo@gmail.com<mailto:mleinebo@gmail.com>]

Sendt: 2. mars 2016 11:03

Til: Aleksander Zahl Tarberg

Emne: Re: MS Ventura - Næringstomt på Leine hamn

Heisann.

Ja går no her å venter på svar på den søknaden som vart sendt for over ett år sidan.

Har prøvd å ringe fleire ganger, men lite svar å få.

Mvh Martin Leinebø

2016-03-02 10:42 GMT+01:00 Aleksander Zahl Tarberg

<aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no<mailto:aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no>>:

Hei Martin.

Viser til tidlegare korrespondanse knytt til dykkar ønske om kjøp av næringstomt på Leine hamn.

Vi ber ei tilbakemelding på om dykk framleis har eit ønske om å kjøpe grunn av Herøy kommune i hamneområdet ?

Helsing

ALEKSANDER ZAHL TARBERG
Planleggar

7008 1300/ 7008 1368

www.heroy.kommune.no<<http://www.heroy.kommune.no>>



Fra: Martin Andre Leinebø[mleinebo@gmail.com] Sendt: 14.07.2017 13:19:19 Til: Jarl Martin Møller Tittel: Re: Kjøp av strandareal til kai på Leine hamn- stadfesting
Viser til søknad om kaitomt på Leine havn.
Søker herved om å øke lengda på tomta fra 15 til 25 meter innover mot Rognekaia.
Begrunnelsen til dette er for å stå litt friere til framtid utvidelse av båt og eiendom.
Mvh Ventura v/ Martin Leinebø

fre. 14. jul. 2017 kl. 12.08 skrev Martin Andre Leinebø <mleinebo@gmail.com>:
Hei igjen. Kordan er muligheten for å forlenge kaitomta med 10 meter innover mot Rogne?

Mvh Martin

fre. 14. jul. 2017 kl. 11.48 skrev Jarl Martin Møller <jarl.martin.moller@heroy.kommune.no>:

Hei

Eg må dele frå tomta før eg utarbeidar endeleg kjøpekontrakt. Lengda på parsellen er 15,28m og vil ha ein kjøpesum på 3520 kr meter strandline (etter takst og prisjustert).

Kjøpesum	53 786 kroner
Dokumentavgift	1 345 kroner
Tinglysing	525 kroner
Oppmåling	17 613 kroner
Sakshandsaming	3 364 kroner
Totalt	76 633 kroner

Når det gjeld næringstomta på land vil eg tilrå 2 år slik det er søkt om.

Eg treng ein bekreftelse frå deg på mail at du aksepterer kjøpesummen før eg går vidare.

Helsing

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef

Samfunnsutvikling

Tlf. 70081300 Mob. 97506761



www.heroy.kommune.no

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 28.09.2017 14:00:03

Til: Brit Berge

Tittel: VS: Uttalelse - Oversending for vurdering - Kai og næringstomt på Leine - Ytre hamn - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke

Fra: odd.helge.hestholm@kystverket.no [mailto:odd.helge.hestholm@kystverket.no]

Sendt: 26. september 2017 14:57

Til: postmottak

Emne: Uttalelse - Oversending for vurdering - Kai og næringstomt på Leine - Ytre hamn - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke

Vi viser til brev datert 19.7.2017.

Kystverket er **kystens samferdselsetat med** ansvar for sikkerhet og framkommelighet i havner, leder og kystfarvann. En **sentral aktør i forvaltningen og utviklingen av kystsonen**, som arbeider målbevisst for å etablere gode navigasjonsforhold langs kysten, fremme en bærekraftig utvikling av kystsonen og derav bidra til en miljøretta og konkurransedyktig sjøtransport.

Tiltaket blir av Kystverket vurdert opp mot formålet i Havne- og farvannsloven.

Så langt vi kan se er det omsøkte tiltak ikke til vesentlig hinder for generell ferdsel i området. Ut i fra ferdselsmessige hensyn har vi ikke merknader til omsøkte tiltak.

Kystverket har vurdert søknaden opp mot formålet i havne- og farvannsloven og har så langt ikke vesentlige merknader til tiltaket.

Delegerte saker frå avdelingane

**DS 1/18 Skifte av styrar for skjenkebevilling - Prego Restaurante AS
13.12.2017 00:00:00 PREGO RESTAURANTE AS**

**DS 2/18 Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 04.12.2017 00:00:00 DEN
KATOLSKE KIRKE I MIDT NORGE TRONDHEIM STIFT**